

Masteroppgåve

Folkehelsearbeid i barnehagen

- ein case-studie av kva som har fremja og hemma ein kapasitetsbyggjande endringsprosess knytt til kosthald etter Fiskesprellkurs

Av: Ingvild Endal

Samfunnsplanlegging og leiing
2021

Tal ord:
23241



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Bakgrunn: Kosthaldsundersøkingar syner store sosiale skilnadar i kosthald også hjå born (Departementene, 2017, s. 16). Godt folkehelsearbeid utjamnar sosial ulikskap i helse (Helsedirektoratet, 2018c). Barnehagar er ein viktig bidragsytar innan folkehelsearbeid, og kan bidra med gode og sunne mat- og måltidsvanar (Departementene, 2017, s. 29). Fiskesprell er eit befolkningsretta tiltak for at born skal ete meir fisk og sjømat (Fiskesprell, 2021). Effektevaluering av Fiskesprell (Ipsos, 2020) har nokre tilrådingar som kan fremje positive effektar av Fiskesprell. Denne masteroppgåva studerer nokre barnehagar som har delteke på kurstilbod som Ipsos tilrår.

Formål: Studien kartlegg korleis tilsette opplever nytten av Fiskesprellkurs for kosthald og måltid i barnehagen. Vidare søkjer den å forstå kva som har fremja og/eller hemma barnehagen i å endre kosthaldspraksis. Studien ser også på i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet.

Metode: Metodekombinasjon av spørjeundersøking og kvalitativt telefonintervju (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 151). 26 av 54 tilsette svarte på spørjeundersøkinga (Fekjær, 2016, s. 21). Seks kvalitative telefonintervju i tre av barnehagane (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 21, 22, 42). Temasentrert analyse er nytta der teori har gitt temarammene for koding (Braun & Clarke, 2006). Kapasitetsbyggjande planleggingsteori (J. Amdam & Amdam, 2000; R. Amdam, 2005, 2011, 2021) og leiingsteori (Strand, 2007) forklarar funna.

Resultat: Fleirtalet av informantane i studien opplever at Fiskesprellkurset har vore nyttig. Nokre melder mellombels effekt av kurs. Funn tyder på at dette har samanheng med ein svak organiseringsvariabel (R. Amdam, 2011, s. 152–159), der styrar ikkje sikrar det organisasjonen har behov for. Dette hemmar endringsprosessen (R. Amdam, 2011; Strand, 2007, s. 433).

Konklusjon: For at barnehagen skal lukkast med ein kapasitetsbyggjande endringsprosess knytt til kosthald, trengst ein god balanse mellom top-down legitimitet og bottom-up legitimitet. Styrar si leiing er avgjerande for å sikre det organisasjonen har behov for til ei kvar tid (Strand, 2007, s. 433). *Variablane i endringsprosessen* (R. Amdam, 2005, s. 151) må vere stabile eller veksande over tid, og den svakaste variabelen må stimulerast mest.

Abstract

Background: Nutritional Surveys show great social differences in diet also for children (Departementene, 2017, s. 16). Quality Public Health work equalizes social differences in health (Helsedirektoratet, 2018c). Kindergartens are important contributors within Public Health Work, and can contribute to healthy food and meal habits (Departementene, 2017, s. 29). Fiskesprell is a measure aimed at the general population to increase childrens` intake of fish and seafood (Fiskesprell, 2021). Effect evaluations of Fiskesprell (Ipsos, 2020) have some recommendations, which can promote positive effects of Fiskesprell. This master`s thesis studies some kindergartens that have participated in seminars that Ipsos recommends.

Objective: This study maps how employees experience the usefulness of Fiskesprell seminars for diet and meals in the kindergarten. Further, it seeks to understand what may promote and/or hinder the kindergarten in changing its nutritional practice. The study also looks at to what degree a changed nutritional practice may lead to improved effectiveness and quality.

Methods: Combined methods of survey and qualitative phone interview (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 151). 26 of 54 employees participated in the survey (Fekjær, 2016, s. 21). Six qualitative phone interviews, in three of the kindergartens (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 21, 22, 42). Theoretical thematic analysis has been used (Braun & Clarke, 2006). Empowerment-planning models (J. Amdam & Amdam, 2000; R. Amdam, 2005, 2011, 2021) and leadership theory (Strand, 2007) explains the findings.

Results: The majority of the informants in the study experience the Fiskesprell seminar as useful. Some report only intermediate effect of Fiskesprell seminar attendance. Findings here point towards a weak organizational variable (R. Amdam, 2011, s. 152–159), where the kindergarten director is not securing the needs of the organization. This hinders the process of change (R. Amdam, 2011; Strand, 2007, s. 433).

Conclusion: For the kindergarten to succeed in a capacity building process of nutritional change; a good balance is needed between top-down legitimacy and bottom-up legitimacy. The kindergartens directors` management skills are crucial to secure what the organization needs at any point in time (Strand, 2007, s. 433). *Development variables* (R. Amdam, 2005, s. 151) need to be stable or growing over time, and the weakest variable needs to be stimulated the most.

Føreord

Tida komen og eg set punktum på masteroppgåva. Det kjennest fantastisk! Fleire år som deltidsstudent er over. Det har vore lærerike år, men også krevjande å kombinere jobb, studium og familieliv med små born.

Det er mange eg ynskjer å takke for at eg no er i mål.

Tusen takk til barnehagane som har gjeve av si tid og stilt som informantar.

Tusen takk til rettleiar Grethe Mari Mattland Olsen.

Tusen takk til venar som har lese korrektur, heia og trudd på meg.

Tusen takk til mi gode, vakre familie som har støtta meg – det varmar djupt i hjartet!

Ingvild Endal

Ørsta, 13. desember 2021

Innholdsliste

Samandrag

Summary

Føreord

Innholdsliste

1.	Innleiing	7
1.1	Bakgrunn for val av tema	7
1.2	Kontekst, aktualitet og forskning på feltet.....	8
1.3	Problemstilling og forskningsspørsmål	12
2.	Teori	14
2.1	Perspektiv på endrings- og utviklingsarbeid	14
2.2	Aktør versus struktur	15
2.3	Organisasjonsform og leiing som funksjon	15
2.4	Variablar i kapasitetsbyggande utviklingsarbeid.....	17
2.5	Bruk av teoriane.....	22
3.	Metode.....	23
3.1	Litteratursøk.....	23
3.2	Vitskapsteori	23
3.3	Forskningsdesign	25
3.4	Forskningsmetode.....	26
3.5	Datainnsamling	27
3.6	Dataanalyse.....	32
3.7	Forskingsetikk	35
4.	Empiri og analyse.....	36
4.1	Empiri frå spørjeskjema og analyse.....	36
	Viktigaste funn frå spørjeundersøkinga	41
4.2	Empiri frå kvalitative telefonintervju og analyse	42
	Barnehage 1.....	42

Barnehage 2.....	48
Barnehage 3.....	54
5. Drøfting	58
5.1 Variablar i kapasitetsbyggande endringsarbeid	58
Konteksten for endringsarbeidet	58
Mobilisering av dei tilsette	60
Organisering av produksjon	62
Gjennomføring av produktive tiltak	63
5.2 Moglege verknadar av endra kosthald i barnehagen	64
5.3 Refleksjon kring metodeval	68
6. Konklusjon	74
Litteraturliste	76
Vedlegg	79

Liste over figurar

Figur 1: *Fire område der leiaren kan bidra med noko i organisasjonen. Roller* (Strand, 2007, s. 434). I kap. 2.2 s. 16.

Figur 2: *Kapasitetsbygging (empowerment)* (R. Amdam, 2021, s. 75). I kap. 2.3, s. 17.

Figur 3: *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s.151). I kap. 2.3, s. 18.

Figur 4: *Utviklingsprogram som implementeringskjedar* (R. Amdam, 2021, s. 56). I kap. 2.3, s. 20.

Figur 5: *Ein generell produksjons- og styringsprosess* (R. Amdam, 2021, s. 25). I kap. 2.3, s. 21.

Liste over tabellar

Tabell 1: *Oversikt over barnehagane som empirien er henta frå og tal på informantar*. I kap. 3.5, s. 28.

Tabell 2: *Utdrag av data som syner identifisering av interessante trekk og innleiande koding*. I kap. 3.6, s. 33.

Tabell 3: *Utdrag av data som syner innleiande tema*. I kap. 3.6, s. 34.

Tabell 4: *Svarfordeling frå spørjeundersøkinga*. I kap. 4.1, s. 36.

Tabell 5: *Svar fordelt på tal om motivasjon, kompetanse og forventningar til Fiskesprellkurs*. Totalt 27 svar. I kap. 4.1, s. 37.

Tabell 6: *Svar fordelt på tal om oppleving av Fiskesprellkurset*. Totalt 27 svar. I kap. 4.1, s. 38.

Tabell 7: *Svar fordelt på tal om praksis etter kurs knytt til kosthald, måltid og systematisk arbeid*. Totalt 27 svar. I kap. 4.1, s. 40.

Tabell 8: *Svar fordelt på tal. Kan barnehagen ha eit endå sunnare kosthald?* I kap. 4.1, s. 41.

Tabell 9: *Viktigaste funn i barnehage 1*. I kap. 4.2, s. 47.

Tabell 10: *Viktigaste funn i barnehage 2*. I kap. 4.2, s. 54.

Tabell 11: *Viktigaste funn i barnehage 3*. I kap. 4.2, s. 57.

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

Det magiske måltidet

Å ete handlar om meir enn å stoppe den morske murringa i magen.

God mat og gode måltid gjer at vi kan leike og lære.

God mat og gode måltid gjer at vi kan løfte tungt og tenke hardt.

God mat og gode måltid får menneske til å trivast saman.

Lat borna lage god mat og ete den saman.

Det magiske handlar om det som skjer når vi set oss ved bordet for å ete - saman.

I barnehagen.

God mat og gode måltid kjem ikkje av seg sjølv (Departementene, 2017, s. 5).

Sidan 2017 har masterstudenten vore kursleiar for Fiskesprell og halde kurs i barnehagar saman med kurskollega. Det er alltid spanande å møte barnehagetilsette og imøtekome ynskjet deira om auka kompetanse innan kosthald og måltid i barnehagen. Det er kjekke kurs fylt med både teoretisk og praktisk matkunnskap som både inspirerer og spreier matglede. Det er ei fryd å halde Fiskesprellkurs.

Målet med desse kursa er at barnehagen skal servere meir sjømat og fisk og har eit sunnare kosthald i tråd med nasjonale kostråd (Fiskesprell, 2021). Dersom barnehagen ikkje endrar kosthaldspraksis, så har vi ikkje lukkast med å nå målet med kurset. Så, er det å endre kosthaldet enkelt og gjort i ei hand vending? Eller kan det by på utfordringar og vere ganske så krevjande? Masterstudenten har undra seg over kva som skal til for at barnehagen meistrar å endre kosthaldet og kva som gjer at den ikkje maktar det. Dette er bakgrunnen for val av tema i denne masteroppgåva.

1.2 Kontekst, aktualitet og forskning på feltet

Eit overorda mål for samfunnsutviklinga i Noreg og globalt er berekraftig utvikling.

Berekraftmåla til FN er den felles arbeidsplanen i verda for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei 17 berekraftmåla med 169 delmål heng tett saman. Sjølv om mange av måla alt er oppfylde i Noreg, så står det framleis att mykje arbeid (FN-sambandet, 2021).

Eit berekraftig kosthald har låg påverknad på miljøet, bidreg til mat- og ernæringstryggleik og eit sunt liv for dagens og framtidige generasjonar (Nasjonalt råd for ernæring, 2017, s. 12).

Berekraftsmål nummer 2 er retta mot å utrydde svolt, oppnå mattryggleik, betre ernæring og å fremje berekraftig landbruk. Sjølv om ernæringssituasjonen i Noreg stort sett er god, så har store delar av befolkninga eit for høgt inntak av metta feitt, sukker og salt og for lågt inntak av frukt, bær, grønsaker og fisk. For å betre kosthaldet i befolkninga, vert det jobba tverrsektorielt gjennom handlingsplan, og den første av sitt slag på ernæringsfeltet kom i 2007 (Departementene, 2007; Regjeringen, 2018).

Visjonen for *Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen (2007-2011)* var betre helse i befolkninga gjennom eit sunt kosthald. Dei to hovudmåla, var å endre kosthaldet i tråd med tilrådingane til helsemyndigheitene og å redusere sosiale skilnadar i kosthald.

Handlingsplanen signaliserte ei sterkare satsing på sjukdomsførebyggjande arbeid, fysisk aktivitet og kosthald. Den peika mellom anna på ein nedgang av sjømatkonsum, og at det ville vere gunstig å auke sjømatkonsumet av både mager og feit fisk for å betre helsa til befolkninga. Den la særleg vekt på å legge til rette for eit variert og sunt kosthald for born og unge, fordi kostvanane i barndomen legg grunnlaget for kostvanane seinare i livet (Departementene, 2007, s. 7, 13).

Ei direkte oppfølging av handlingsplanen (2007-2011) var prosjektet Fiskesprell, som vart etablert i 2007 (Fiskesprell, 2021). Målet med Fiskesprell var å auke fisk- og sjømatkonsumet blant born og unge. Fleire aktørar samarbeida om å finansiere Fiskesprellprosjektet slik som Helse- og omsorgs-, Fiskeri- og kystdepartementet og Norges sjømatråd saman med fiskesalslaga. I tillegg deltok Helsedirektoratet og Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning i prosjektgruppa. Arbeidet var forankra som eit offentleg kosthaldsprosjekt i

fylkeskommunane gjennom «Partnerskap for folkehelse». Fylkeskommunane søkte midlar til Fiskesprellkurs for tilsette i grunnskule, SFO, barnehage og andre som jobbar med born i kommunen. Prosjektet inkluderte også undervisningsmateriell og råvarestøtte til skular for å lage sjømat- og fiskerettar (Helsedirektoratet, 2012a, s. 12; Norut, 2012, s. 3).

Fiskesprell er eit befolkningsretta tiltak. I barnehagen betyr dette at målet er å nå born av alle sosiale lag og utjamne sosial ulikskap i kosthald gjennom kosthaldstilbodet (Helsedirektoratet, 2012a, s. 34). På denne måten lagar ein målretta tiltak som fremjar betra kosthald for alle, og ikkje berre tiltak mot enkeltindivid.

I 2012 utførte Norut ei kvalitativ evaluering av barnehagesatsinga i Fiskesprell. Det vart påpeika mellom anna at Fiskesprell burde omhandle meir enn fisk og sjømat, og forankrast sterkare mot Bra-Mat satsinga til Helsedirektoratet i barnehagen (Helsedirektoratet, 2012a, s. 12). Evalueringa av prosjektet Fiskesprell synte så gode erfaringar at det heldt fram som eige kosthaldsprogram. Difor har Fiskesprell sidan 2012 vore del av det førebyggjande folkehelsearbeidet til fylkeskommunane (Noregs sjømatråd, 2021).

I gjeldande *Nasjonale handlingsplan for bedre kosthold (2017-2021)* er visjonen å skape eit samfunn som fremjar matglede, sunt kosthald og god helse i heile befolkninga. Det overordna målet er eit variert og sunt kosthald i heile befolkninga uavhengig av alder, kjønn, sosioøkonomisk status, geografi, funksjonsevne, kulturell bakgrunn, livssyn og religion (Departementene, 2017, s. 8).

Nytt i handlingsplanen (2017, s. 18) er måltidet som møtestad for sosialt samspel og inkludering. Mat- og måltidsglede er i fokus, å skape magiske måltid med eit sunt kosthald.

Kosthaldsundersøkingar syner at born og unge framleis har eit for høgt inntak av metta feitt og tilsett sukker, og eit for lågt inntak av frukt, grønsaker og fisk. Det er store sosiale skilnadar i kosthaldet. Dei med lang utdanning har eit sunnare kosthald enn dei med kort utdanning (Departementene, 2017, s. 12, 16).

Folkehelsearbeid er definert i folkehelseloven (2011, § 3). Det er samfunnet sin totale innsats for å halde ved lag, betre og fremje helse til befolkninga gjennom å styrke faktorar som fører til betre helse, og svekke faktorar som fører med seg helserisiko (Moltumyr & Paulssen,

2021). Godt folkehelsearbeid utjamnar sosial ulikskap i helse (Helsedirektoratet, 2018c). Barnehagen er ein viktig bidragsytar innan folkehelsearbeid, og kan bidra til å redusere sosial ulikskap i kosthald ved å legge til rette for gode og sunne mat- og måltidsvanar (Departementene, 2017, s. 29).

Ni av ti born mellom eitt og fem år går i barnehage i Noreg. Borna er frå alle sosiale lag (Departementene, 2017, s. 29), og får i seg mellom 40-60 prosent av det daglege energiinntaket i barnehagen. Dette gjer at barnehagen har stor påverknad på det totale kosthaldet og matvanane til barnehagebarna (Helsedirektoratet, 2018a, s. 5).

Etter lov skal barnehagen skal vere ein helsefremjande institusjon (Barnehageloven, 2005, § 2; Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv, 1995, §§ 1, 11; Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, 2017). Nasjonal fagleg retningslinje for mat og måltid i barnehagen er forankra i lov og forskrifter i tillegg til dei nasjonale kostråda (Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv, 1995; Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, 2017; Helsedirektoratet, 2016, 2018b). Mat, måltid og kosthald kan inngå i dei fleste fagområda i rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgaver (2017).

Handlingsplanen (2017-2021) peikar på at barnehagar som har ikkje har mat og måltid forankra i årsplanen, har eit mindre sunt kosthald enn barnehagar som har forankra dette arbeidet. Det står vidare at mange tilsette i barnehage har delteke på Fiskesprellkurs og fått inspirasjon i arbeidet med kosthald og måltid (2017, s. 29–30).

Kunnskapsgrunnlag og forskning på feltet

Fleire evalueringar av Fiskesprellprosjektet og -programmet har vore utført. Felles for desse er at barnehagar som har delteke på Fiskesprellkurs serverer meir sjømat, har meir kunnskap om kosthald og har betre ferdigheiter i matlaging av sjømat (Ipsos, 2020; Kantar/TNS Gallup, 2015; Noregs sjømatråd, 2021; Norut, 2012). Kartlegging utført av Helsedirektoratet syner det same (Helsedirektoratet, 2012b).

Fleire har skrive masteroppgåve som omhandlar Fiskesprell. Ei masteroppgåve (Alm, 2009) med eit kvalitativt kvasiekperiment såg på borna sine haldningar til sjømat. Resultatet viste at «Fiskesprellborna» hadde sterkare og meir positive haldningar til sjømat enn barnehageborna i kontrollgruppa som hadde eit ordinært kosthald.

Ei anna masteroppgåve (Haaland, 2012) med kvalitativ tilnærming, studerte korleis barnehagetilsette opplevde implementeringsprosessen av Fiskesprellprosjektet. Ho fann at tilsette ynskte kompetanseauke og ei felles verdiforståing i kosthaldsarbeidet. Dei tilsette hadde, med administrativ støtte, utarbeida ein organiserings- og iverksetjingsplan som inkluderte borna. Vidare fann oppgåva at barnehageborna tileigna seg ny kunnskap, ferdigheiter og haldningar knytte til fisk og sjømat.

Ei tredje masteroppgåve (Grythe, 2020) utforska pilotprosjektet «Besøkskurs i barnehagen», og studerte erfaringane til barnehagetilsette i etterkant av kurset. Kvalitativ metode med fokusgruppeintervju var nytta, og informantar var grunnbemanning. Styrar var bevisst valt bort som informant. Studien fann at barnehagane oftare tilbyr varmmat med fisk, og at borna i større grad deltek i førebuing av måltida. Resultata viste også at prosjekttimplementering og erfaring hjå dei tilsette var avhengig av engasjement, kompetanse og organisering frå leiinga.

Våren 2020 gjennomførte Ipsos ei effektevaluering av det nasjonale kosthaldsprogrammet Fiskesprell på oppdrag av Norges sjømatråd. Evalueringa var avgrensa til barnehagar. Ho såg på effekten av deltaking på ordinære Fiskesprellkurs og «Besøkskurs i barnehagen» (deltakargruppe pilot) oppimot gruppa barnehagar som ikkje har delteke på Fiskesprellkurs (kontrollgruppe). Ordinære Fiskesprellkurs har to trinn, der trinn 1 er innandørs og trinn 2 er utandørs. Kursa består av ein teoridel og ein praktisk matlagingsdel. 1-3 tilsette frå ein barnehage deltek på kurs saman med tilsette frå andre barnehagar, og totalt er det 16 – 20 deltakarar pr. kurs. «Besøkskurs i barnehagen» (deltakargruppe pilot) har teoridel saman med alle tilsette frå fleire barnehagar, og praktisk matlaging i kvar enkelt barnehage. Kurshaldar i Fiskesprell kjem i barnehagen for gjennomføring av praktisk matlaging saman med nokre tilsette og ei gruppe born på kjøkenet, i tillegg til eit pedagogisk opplegg i samling med borna (Ipsos, 2020, s. 11–12).

Den kvalitative evalueringa til Ipsos (2020) identifiserte fire barrierar som kan hindre auka sjømatkonsum blant barnehageborn. Rapporten har tilrådingar for det vidare arbeidet som kan fremje positive effektar av Fiskesprell, og forsere dei fire barrierane som er ressursar, fokus, budskap og oppfølging. Eit tiltak under barrieren ressursar, er å tilby kurs i dei enkelte barnehagane der alle tilsette og borna deltek. Denne masteroppgåva set særleg fokus på dette punktet i evalueringsrapporten (Ipsos, 2020, s. 75), og studerer nokre barnehagar der

kurstilbodet er gjennomført. Styrar (Grythe, 2020, s. 64) og ressurspersonar for kosthald er informantar i kvalitativt intervju, og alle tilsette i spørjeundersøking (survey).

1.3 Problemstilling og forskingsspørsmål

Barnehagen er ein viktig bidragsytar innan folkehelsearbeid, og kan bidra til å redusere sosial ulikskap i kosthald gjennom gode og sunne mat- og måltidsvanar (Departementene, 2017, s. 29).

Empirisk materiale i masteroppgåva er avgrensa til barnehagar som har delteke på Fiskesprellkurs. Dette er to ulike typar Fiskesprellkurs i tråd med Ipsos (2020, s. 75) si tilråding. Det eine kurset er «Besøkskurs i barnehagen» som alt omtalt over, og det andre er gjennomført i barnehagen med alle tilsette på heile kurset og ingen born. Barnehagane og informantane er anonymiserte.

Føremålet med studien er å kartlegge korleis tilsette opplever nytten av Fiskesprellkurs for kosthald og måltid i barnehagen. Det er eit mål å forstå kva som har fremja og hemma prosessen med å endre kosthaldet i barnehagen ut frå perspektivet til informantane. Vidare er det eit mål å forstå i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet.

Masteroppgåva søkjer svar på denne **problemstillinga**:

Korleis har barnehagar lukkast med endringsprosessen knytt til kosthald og måltid etter Fiskesprellkurs, og i kva grad kan endra kosthaldspraksis føre til betre effektivitet og kvalitet?

Studien ser på endringsprosessen knytt til kosthald i fire barnehagar, men som samla utgjør fenomenet i studien. Ikkje minst er det viktig å forstå korleis hindringar eller motstand har vorte møtte og jobba med spesielt. Dette inngår i kva som har fremja og hemma endringsprosessen.

Endringsprosess har samanheng med modellen *Kapasitetsbyggjing* (R. Amdam, 2021, s. 75) og *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151), og vert nærare skildra under teorikapitlet.

Omgrepet *endring* er knytt til modellen *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151). Endring handlar om til dømes å servere meir frukt, grønsaker, fisk og grovare kornprodukt. Men endring handlar også om kva organisasjonen har gjort for å lukkast med endringane, dette er knytt til variablane i modellen som det vert vist til.

Effektivitet har samanheng med den systemteoretiske modellen *Ein generell styrings- og produksjonsprosess*. Det handlar om effektar av produktiviteten når barnehagen har lukkast med å endre kosthaldspraksis. Dette er resultat som det er vanskeleg å måle, men som ikkje er mindre viktig (R. Amdam, 2021, s. 26).

Kvalitet har samanheng med den systemteoretiske modellen *Ein generell styrings- og produksjonsprosess*. Det handlar om fremjing av mellom anna berekraft (R. Amdam, 2021, s. 25–26).

Følgjande forskingsspørsmål er formulerte:

1. Korleis opplever tilsette nytten av Fiskesprellkurs for kosthald og måltid i barnehagen?
2. Kva har fremja og/eller hemma endringsprosessen utifrå perspektivet til informantane?
3. I kva grad kan endra kosthaldspraksis føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen?

2. Teori

I dette kapitlet vert val av teori gjort greie for. Teorien gir grunnlaget for analyse av empirien.

Barnehagane gjer eit viktig folkehelsearbeid, og kan gjennom eit helsefremjande kosthald vere med på å utjamne sosial ulikskap i kosthald (Departementene, 2017, s. 29). Denne masteroppgåva studerer korleis barnehagen har lukkast med endringsprosessen knytt til kosthald og måltid etter deltaking på Fiskesprellkurs. For å svare på problemstillinga er kommunikativ planleggingsteori valt, fordi den har stor overføringsverdi også til folkehelsearbeid i organisasjonar (R. Amdam, 2021, s. 4). Teoriane som vert presentert er *Institusjonell kapasitetsbygging* og *Variablar i endringsprosessar* (J. Amdam & Amdam, 2000; R. Amdam, 2005, 2011, 2021). Under analysen vart det klart at leiar er sentral i endringsprosessen, og teori om korleis leiar kan verke i organisasjonar (Strand, 2007) var difor relevant. *Leiarrolla etter funksjon* (Strand, 2007) vert knytt til modellen *Variablar for endringsprosessar* (J. Amdam & Amdam, 2000; R. Amdam, 2005, 2011, 2021).

Masteroppgåva søker også svar på i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til auka effektivitet og kvalitet i barnehagen. Omgrepa effektivitet og kvalitet er sentrale, og den systemteoretiske modellen *Ein generell produksjons- og styringsprosess* er nytta for å forstå effektar endra kosthaldspraksis kan føre til i og utanfor organisasjonen (R. Amdam, 2021). Men først, klargjering av perspektiv på endrings- og utviklingsarbeid.

2.1 Perspektiv på endrings- og utviklingsarbeid

Denne masteroppgåva legg til grunn at utviklingsarbeid er ein aktivitet der organisasjonen søker handlingsmodellar for å fremje utviklinga dei sjølv ynskjer, og som hemmar utviklinga dei ikkje ynskjer (R. Amdam, 2011, s. 31). Medan endringsarbeid er meir konkret enn utviklingsarbeid, der føremålet er å oppnå konkret endring (R. Amdam, 2021, s. 20, 21). I denne studien er endringa at barnehagane legg om til eit meir helsefremjande kosthald i tråd med retningslina for mat og måltid i barnehagen (2018b) som vert formidla på Fiskesprellkurs.

2.2 Aktør versus struktur

Aktører er deltakarar, og i denne studien er dette dei tilsette i barnehagen. R. Amdam skriv (2021, s. 33–34) at mykje av endringskrafta i organisasjonar er hjå aktørane og i kva grad dei er motivert for endring eller yt motstand mot endringar og i kva grad dei har kapasitet til å gjennomføre endringar. Aktørane vert påverka av strukturen i organisasjonen. Strukturen kan vere formell og uformell. Dette er ikkje noko masteroppgåva går nærare inn på i detalj, anna enn at den uformelle strukturen er kulturen i organisasjonen. Formelle strukturar inkluderer leiar i organisasjonen.

Dette fører oss over til leiingsteorien.

2.3 Organisasjonsform og leiing som funksjon

Strand (2007) skildrar leiing som:


[...] et begrep som det er mange teoretiske og intuitive oppfatninger av. Det faglige ledelsesfeltet er ikke en samlende disiplin, men et interesseområde med mange ulike brokker av kunnskap og kulturelt betingede forestillinger. Vi kan ikke argumentere for at det finnes én omforent definisjon på ledelse. (s. 11)

Strand (2007) ser på fleire forhold, mellom anna korleis organisasjonsform kan gje vilkår og høve for leiing. Han skildrar fire organisasjonsformer og ei nettverksform som er laust kopla. Dei fire organisasjonsformene er byråkrati, gruppe-, oppgåve- og ekspertorganisasjon. Både private og offentlege barnehagar er ekspertorganisasjonar, men dei offentlege er kapsla inne i ein byråkratisk organisasjon. Eksperten i desse organisasjonane er den dyktige fagpersonen. Standardrolla for leiarar i denne organisasjonsforma er knytt til rolla som fagkyndig. Leiaren er nært knytt til arbeidsprosessane og jobbar for å påverke prestasjonar og å oppnå mål i organisasjonen. Masteroppgåva går ikkje vidare inn på vilkår for leiing knytt til sjølve organisasjonsforma, men er avgrensa til leiing som funksjon (Strand, 2007).

I følgje R. Amdam (2021, s. 18) gjeld leiing relasjonar mellom menneske og korleis dei tilsette vert påverka av leiar gjennom avgjerder, egne handlingar og kommunikasjon. Leiing har eit gitt handlingsrom og fullmakt, men inneber også å utforske og utvide dette

handlingsrommet. Kommunikasjon i møter, med samtalar ein-til-ein og mange tilsette, er noko av det viktigaste ein leiar driv med (R. Amdam, 2021, s. 19).

Leiaren sitt grunnlag for leiing består av personleg makt, relasjonar og roller. Leiing er som eit sett av roller, der dei ulike rollene gjer sitt til bestemte funksjonar eller verknadar. Leiaren kan verke i organisasjonen på fire funksjonar eller område. Leiing kan målast mot ivaretakinga av organisasjonen sine behov på desse fire funksjonane eller områda (Strand, 2007, s. 21, 385, 433).



Figur 1 Fire område der leiaren kan bidra med noko i organisasjonen. Roller (Strand, 2007, s. 434).


Ordet PAIE er forbokstavane i dei fire funksjonane/områda, sjå figur 1. *Produksjon* handlar om å setje mål og å produsere for å skape resultat. Leiarrolla er både som «pådrivar» og «dirigent». «Pådrivaren» er løysingsorientert og personleg motivert, medan «dirigenten» kan motivere andre, delegere, legge planar og setje mål. *Administrasjon* handlar om å skape stabilitet gjennom system og strukturar, og å utvikle dei. Leiarrolla er «overvakar» og «koordinator». «Overvakaren» er intolerant og detaljslave, medan «koordinatoren» er konservativ og rigid, og forlangar konformitet. *Integrasjon* handlar om å skape felles oppfatningar og å styrke samhaldet i organisasjonen. Leiarrolla er «retteleiar» og «hjelpar». *Entreprenørskap* handlar om å tilpasse seg aktivt til omverda, sikre naudsynte ressursar og unngå truslar. Leiarrolla er «meklar» og «innovatør» (Strand, 2007, s. 433, 459, 477, 499, 528).

Det er eit empirisk spørsmål korleis og i kva grad rollene bidreg til bestemte funksjonar (Strand, 2007, s. 21). I denne masteroppgåva vert leiarrollene i PAIE etter Strand (2007) kopla til dei respektive variablane i endringsprosessar (R. Amdam, 2005, 2011, 2021) for å forstå om leiar fremjar eller hemmar organisasjonen i endringsprosessen. Dette fører oss over til modellen for variablar i kapasitetsbyggjande utviklingsarbeid.

2.4 Variablar i kapasitetsbyggande utviklingsarbeid

I følge Amdam (2011, s. 85) er ein god balanse mellom tilrettelegging utanfrå og ressursmobilisering innanfrå, avgjerande for å lukkast med institusjonell kapasitetsbyggjing.

Figur 2 illustrerer balansen mellom interne og eksterne krefter i ein kapasitetsbyggjande prosess. Skiljet mellom desse to kreftene er også omtala som endogen og eksogen utvikling, og kommunikativ og instrumentell planlegging. Endogen utvikling og kommunikativ planlegging kan samsvare med nedanfrå-og-opp-politikk/tilnærming.



Figur 2 Kapasitetsbyggjing (empowerment) (R. Amdam, 2021, s. 75)


Kommunikativ planlegging er eit ideal for utviklingsarbeid i organisasjonar, skriv R. Amdam (2011, s. 18), der «integrering av kunnskap og handling i form av at ny erkjenning får gro fram av deltakarens eigen praksis» (R. Amdam, 2011, s. 17). Slik aukar handlingskapasiteten til deltakarane eller aktørane. Det er avgjerande med maktlikevekt og respekt i mellom aktørane, og at prosessen er transparent og open (R. Amdam, 2011, s. 86).

Eksogen utvikling og instrumentell planlegging kan samsvare med ovanifrå-og-ned-politikk/tilnærming. Instrumentell planlegging har eit objektivt syn på kunnskap som er uavhengig tid og rom, og har årsak- og verknad samanheng der ein ekspert utgreier situasjonen. I utviklingsarbeid er det ei utfordring å finne ein ideell balanse mellom nedanfrå-og-opp-engasjement og ovanifrå-og-ned-tilrettelegging (R. Amdam, 2011, s. 86).

Kapasitetsbyggjande utviklingsprosessar kan bli stimulert utanfrå, gjennom hjelp til sjølvhjelp, og/eller nedanifrå som eigenutvikling. Det beste er ein god balanse mellom indre endringsprosessar og krefter utanfrå. Institusjonell kapasitetsbyggjing krev proaktive organisasjonar og arbeidsformer der aktørane tek initiativ til samarbeid med andre (R. Amdam, 2011, s. 88). Masteroppgåva ser på denne balansen knytt til endring av kosthaldspraksis i barnehageorganisasjonen.

R. Amdam (2011, s. 90) har i forskinga si om kapasitetsbyggjande prosessar kpla og identifisert variablar i plan- og utviklingsarbeid. Dette er same figur som er nytta for variablar i endringsprosessar, og den har ei tydeleg teoretisk og filosofisk forankring (R. Amdam, 2005, s. 151). Denne modellen er nytta for å forstå både korleis tilsette opplever nytten av Fiskesprellkurs for kosthaldet og måltida i barnehagen, og kva som fremjar og hemmar endring av kosthaldspraksis etter kursdeltaking.

Figur 3 syner modellen som har fem hovudvariablar; mobilisering, organisering, gjennomføring, læring og kontekst. Omtalen av variablane inkluderer leiarrollene i PAIE, og syner område leiar kan bidra med noko i organisasjonen (Strand, 2007, s. 434).



Figur 3 Variablar i endringsprosessar (R. Amdam, 2005, s.151)

Mobiliseringsvariabelen handlar om å setje noko på dagsorden ved at fleire personar kjem saman i sosiale læringsprosessar for å auke kunnskap, justere visjonar og utvikle strategiar gjennom nye handlingar. Gjennom deltaking kjem styrka fellesoppfatningar om utviklingstrekk og utfordringar. Dette fører til engasjement og samhandling for endring, og å nå mål ein er samd om. Maktlikevekt og grunngevingstvang er sentralt for mobilisering (J. Amdam & Amdam, 2000, s. 188, 198). Meiningsbrytningsprosessar er viktig for å stimulere organisasjonsbyggjing (R. Amdam, 2011, s. 91). Føremålet er kollektiv handlingskapasitet gjennom aksept for verdimangfald og å einast om visjonar og strategiar. I eit læringsperspektiv for organisasjonar er ei slik endring rekna som djuplæring. Personane i organisasjonen tek til seg nye verdiar og endrar handling. Når tilstrekkeleg mange gjer det, så styrkar dette identiteten og organisasjonskulturen (R. Amdam, 2005, s. 154). Leiarrolla er å fasilitere dialog om kva som er viktig, og karismatisk å motivere og mobilisere for deltaking (J. Amdam & Amdam, 2000, s. 200). Den karismatiske leiaren er det Strand (2007, s. 329) sorterar under funksjonen *integrasjon*, som handlar om å skape felles oppfatningar og å styrke samhaldet i organisasjonen. R. Amdam (2019) skildrar samarbeidsdriven leiing slik:

Leiarane [...] kan ikkje kommandere andre, men kan gjennom å skape vilkår for å bringe organisasjonar og aktørar saman hjelpe dei til å byggje kollektiv kapasitet, og til å lære slik at dei saman kan erkjenne situasjonen og fremje ny praksis. (s. 289)

Organiseringsvariabelen handlar om kortsiktig ressursinnsats for at organisasjonen skal meiste å omsetje dei nye erkjenningane til ny praksis, å reorganisere produksjonen. Kjenneteikn for denne variabelen er å fordele, skaffe og organisere naudsynt ressursbruk, og inneber arbeidsdeling og samarbeid for å legge til rette for gjennomføring. Den handlar om å organisere for nye løysingar, og konteksten gjev rammene. Overgangen frå mobilisering- til organiseringsvariabelen er særskild kritisk i utviklingsarbeid (R. Amdam, 2011, s. 152–159). R. Amdam (2011) skriv at «organisasjonar [...] strukturerer handlingane til *einskildaktørarane*, og at dei på eit eller anna vis også påverkar målsettingane til aktørane som *organisasjonsaktørar*» (s. 154). Masterstudenten forstår dette som at leiar i organisasjonen organiserer ressursbruk til dei tilsette. Organisasjonar har eigne mål på grunnlag av sine utfordringar i organisasjonen, men også røynslene med omverda. Fleksibel organisering betyr at organisasjonsstrukturen er enkel å endre og taklar skiftande føresetnadar (R. Amdam, 2011, s. 155–156). I denne prosessen er kjenneteikn ved leiar å vere pragmatisk, for å justere, utforske, eksperimentere og innovere (R. Amdam, 2011, s. 209). Vidare er leiarrolla å moderere debatt om kva som er rett prioritering (R. Amdam, 2021, s. 127). Leiarfunksjon er *administrator* gjennom administrativ planlegging for å få på plass system og struktur for gjennomføring (Strand, 2007, s. 433).


Gjennomføringsvariabelen handlar om å gjennomføre tiltaka, og er knytt til dagleg verksemd i organisasjonen og prosjekt. Føremålet er å styre produksjonen og fremje produktivitet med god ressursutnytting. Med gjennomføring, er det meint dagleg verksemd til den planlagde eininga, og gjennomføring av nye tiltak for endringar. Dette kjem til syne i ei verksemd gjennom prosjekt, budsjett, vaktplanar m.m. I ekspertorganisasjonar søker ein gode løysingar i tråd med standard prosedyrar og innan profesjonelle normer. Dersom tiltak avviker frå desse, er det stort sannsyn for at det vert møtt med motstand. Konkrete gjennomføringsplanar er særskild viktig. Leiinga bør delta der det er naudsynt og jobbe for å stimulere til andre liknande tiltak (R. Amdam, 2011, s. 165–166, 175). Leiarrolla er å mekle fram avtalar om kven som gjer kva (R. Amdam, 2021, s. 143). Leiarfunksjon er *produksjon* gjennom å setje mål og drive fram resultat (Strand, 2007, s. 433).

Kontekstvariabelen handlar om overordna og formelle rammer som endrings- eller utviklingsarbeidet vert realisert innan. Variablane verkar gjensidig på kvarandre. Ein kapasitetsbyggjande prosess føreset at variablane omtalt over er sterke, og at kontekstvariabelen verken hemmar eller fremjar variablane for sterkt (R. Amdam, 2011, s. 92). Figur 4 illustrerer ei

forståing av utviklingsprogram som implementeringskjedar. Institusjonell planlegging eller kontekstvariabelen på kommunenivå, er operativ planlegging eller gjennomføringsvariabelen på regionalt nivå (R. Amdam, 2021, s. 56). Leiarrolla er å tolke og levere i høve

samfunnsoppdraget, som betyr å levere det samfunnet har behov for. Konteksten som denne studien ser på er rammene som overordna styringsnivå set for kothald og måltid i barnehagen, og rammene som organisasjonen sjølve set for endringsarbeidet (R. Amdam, 2021, s. 94). Denne leiarrolla er det Strand (2007, s. 433) kallar *entreprenørskap* og handlar om å stille seg open til omverda og gripe moglegheitene.

Læringsvariabelen handlar om evaluering og rapportering av prosessane og resultat for å få kunnskap og med det ytterlegare betre praksis. Evaluering gjev rom for å sjå til at gjennomførte tiltak er i tråd med reglar, lover og ressursrammer, i tillegg til korreksjon og justering. Organisasjonar som evaluerer seg sjølv har ein tendens til å avgrense det til ressursbruk og produksjon, og ser ofte lite til effekten på omverda. Amdam (2011, s. 184) stør seg her på Argyris og Schön sin teori om organisasjonslæring, og læringa skjer på ulike nivå – også kalla læringskretsar. Pilene på figur 3 syner til læringsnivå. Den første pila til høgre i figuren illustrerer enkelkretslæring eller rutinelæring, som handlar om å tilpasse handlingar for å rette opp feil og manglar. Dette er læring i form av reglar, standardprosedyrar og faste handlingsmønster, og skjer på det operative nivået. Den andre pila frå høgre illustrerer dobbelkretslæring eller erfaringslæring, som handlar om refleksjon kring systemet som produserer handlinga, om organiseringa av tiltaket er tent i høve måloppnåing.




Figur 4 Utviklingsprogram som implementeringskjedar (R. Amdam, 2021, s. 56)

Erfaringslæring handlar om prøving og feiling innan gjeldande verdiar. Den tredje pila illustrerer trippelkretslæring eller djuplæring, som handlar om refleksjon kring teoriar, verdiar, modellar og oppfatta situasjon som er grunnlaget for organiseringa. Dette er læring i form av val av nye handlingar basert på nye verdiar (R. Amdam, 2005, s. 157).

R. Amdam (2005, s. 163) skriv at nye tenkemåtar og verdiar i ekspertorganisasjonar som barnehagen er, vert møtt med sterk motstand. Leiarrolla sitt ansvar er å syte for læring på alle nivå (R. Amdam, 2021, s. 164).

Andre del av problemstillinga søkjer svar på i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen. Den systemteoretiske modellen *Ein generell produksjons- og styringsprosess* (R. Amdam, 2021, s. 25) er valt for å sjå på verknadar/effektar endra kosthaldspraksis kan ha i organisasjonen og på omverda.

R. Amdam (2011) definerer politikk som «[...] det å sette behov på dagsorden, organisere ein problemløysande produksjon og å trekke lærdom ut av produksjonsmåten og dei effektane produksjonen gir» (s.28). Dette knyt figur 5 *Ein generell produksjons- og styringsprosess* (R. Amdam,



Figur 5 Ein generell produksjons- og styringsprosess (R. Amdam, 2021, s.25)

2021, s. 25), som er vidareutvikla frå modellen *Politikk som prosess* (R. Amdam, 2011, s. 55), saman med det over. Figur 5 er å sjå som ein produksjons- og styringsprosess og skil klart mellom produkt/prestasjon, konsekvensar og effektar av produksjonen. Legitimitet handlar om i kva grad produksjon- og styringsprosessen produserer løysingar på utfordringar i tråd med behovet og grunnleggjande samfunnsverdiar. Legitimitet kan kome ovanifrå. Dette kan skje ved at overordna styresmakter til dømes gjev barnehagesektor og kosthald spesiell merksemd, i tillegg til at det vert løyvd pengar i samarbeid med næringsliv. Dermed kan tilsette i barnehagen kan få kompetanseheving på området ein ynskjer endring. Legitimitet kan også

kome nedanifrå. Dette kan skje gjennom til dømes føresette og tilsette i barnehagen som gjev uttrykk for kor sterkt dei støttar opp om kosthaldet i barnehagen. Mål om kva ein vil oppnå vert sett i organisasjonen. For å nå målet er det behov for ressursar (input) som startar ein viss produksjonsprosess. Dette gjev eit produkt/teneste (output). Omgrepet produktivitet i modellen handlar om produksjonen er *rett*. Output gjev resultat som måloppnåing (outcome). Sjølve produktet/tenesta er output, medan effektane av produktet/tenesta er outcome. Omgrepet effektivitet seier noko om i kva grad produktet/tenesta (output) har gitt ynskte resultat og effektar i høve formulerte målsettingar, behov, ynskte verdiar, altså om produksjonen er oppfatta som det *rette*. Omgrepet kvalitet seier noko om dei langsiktige følgjene av produksjonen, om den har fremja grunnleggjande verdiar som demokrati, berekraft, folkehelse og vert rekna som samfunnsgagnleg (impacts) (R. Amdam, 2011, s. 55).

2.5 Bruk av teoriane

For å søkje svar på problemstillinga, er teoriane i denne studien nytta for å identifisere tema eller mønster i empirien/rådata. Teoriane har gitt temarammene for koding. Korleis dette er gjort er nærare skildra i kapittel 3.6.

3. Metode

Busch (2013, s. 49) refererer til ulike nivå for val av forskingsmetode framstilt i ein forskingsløk etter Saunders m.fl. Vitskapsteori er det ystte laget, og innanfor det forskingsdesign, så datainnsamling og til slutt dataanalyse. Vala heng saman, slik at val på eit nivå påverkar val på neste nivå. I dette kapitlet vert først litteratursøk skildra, deretter vert vala som er gjort innan dei ulike tema i forskingsløken gjort greie for frå ytst til inst. Avslutningsvis vert forskningsetikk ved studien kort presentert.

3.1 Litteratursøk

Publiserte evalueringar og masteroppgåver som omhandla Fiskesprell var kjende. Dagleg leiar i Fiskesprell vart tidleg kontakta for å få innspel på eit utkast til problemstilling. Ipsos sin evalueringsrapport og masteroppgåva til Grythe vart då oversendt.

Rettleiing til søkehjelp med bibliotekar ved Høgskulen i Volda vart bestilt og gjennomført over Teams for få profesjonell hjelp i mangel på erfaring. Vidare vart hovudsakleg kjelde- og siteringsøk nytta. Søkemotoren Oria vart mest brukt, men også Norart og ERIC.

Artiklar, teoriar og offentlege dokument frå internett vart funne i perioden mars – august 2021.

Systematisk søking vart ikkje nytta.

3.2 Vitskapsteori

I følgje Denscombe (2010, s. 117) er det viktig at den vitskapsfilosofiske ståstaden på studien er definert, fordi det filosofiske fundamentet gjev retning og rammer for både forskingsdesign, datainnsamling, -analyse og drøfting av resultat.

Ontologi er knytt til førestillingane vi har til korleis verda ser ut. Er der ei objektiv verd utanfor oss sjølve, eller blir verda forstått berre gjennom våre eigne tolkingar? (Busch, 2013, s. 50). Det er to grunnleggjande hovudposisjonar innan ontologi. *Realismen* ser den sosiale verda som ei objektiv røynd som eksisterer «der ute» uavhengig av om ein trur på den eller godkjenner den. Denne sosiale verda har eigenskapar som kan målast, og har strukturar som er ganske konsistente og stabile. *Konstruktivismen* derimot, ser den sosiale verda som skapt av menneskesinnet. Røynda vert konstruert gjennom mennesket sin persepsjon og forsterka av interaksjon med andre menneske. Den sosiale røynda vert sett på som noko som konstant vert produsert og re-produsert (Bukve, 2016, s. 29; Denscombe, 2010, s. 119). *Pragmatismen* er ei

retning som ser på den praktisk nytten av forskinga framfor ein underliggjande filosofi. Den sosiale røynda kan både eksistere «der ute», eksternt i høve individ, men også vere sosialt konstruert «inne i» menneskesinnet. Pragmatismen er ein filosofi som let den som forskar ta eklektiske metodeval, og kan blande metodar og strategiar fordi den ser forskinga i høve kor godt den løyser praktiske problem og ikkje i høve ein bestemt ontologisk eller epistemologisk ståstad (Denscombe, 2010, s. 128–130).

Epistemologi er læra om kunnskap og kunnskapsdanning. Det handlar om korleis og i kor stor grad vi kan skaffe oss kunnskap om den sosiale verda, og involverer filosofiske diskusjonar. Også innan epistemologien er det to grunnleggjande hovudposisjonar. *Positivismen* tek utgangspunkt i at vitenskaplege metodar kan avdekkje ei objektiv røynd. Denne passar godt med *realistisk* ontologi omtalt over (Bukve, 2016, s. 36; Busch, 2013, s. 50–51; Denscombe, 2010, s. 119). *Interpretivismen* ser den sosiale røynda som subjektiv, og hevdar vi berre kan vite noko om verda gjennom å tolke den. Det finns ikkje ei objektiv røynd. Busch (2013, s. 51) skriv at hermeneutikk representerer det same som ei fortolkingsbasert tilnærming. Denne epistemologien stemmer overeins med den *konstruktivistiske* ontologien. Den epistemologiske tilnærminga *mixed method* vert kopla til pragmatisk ontologi. Her er beste metode avhengig av kva ein vil finne ut og kva kunnskap ein treng. Kunnskap er basert på praktisk nytte og kva som fungerer. Kunnskap vert sett på som forbigåande, og er eit produkt av si tid. *Mixed method* ser på skilje mellom kvantitativ og kvalitativ tilnærming som ikkje tenleg, men at metodane bør integrerast heller enn å separerast (Denscombe, 2010, s. 129–130).

Ifølgje Busch (2013, s. 51) er det viktig at dimensjonen om induktiv, deduktiv og abduktiv forskning er avklart. Induktiv metode ber preg av at ein nærmar seg empirien utan noko forventning om korleis verda ser ut, så utan noko hypotese eller teori, men samlar empiri som seinare skal tolkast. Ein går frå empiri til teori. Ved bruk av deduktiv metode har ein eit teoretisk utgangspunkt, som er utvikla frå tidlegare forskning og har ei eller fleire hypotese. Føremålet er å avkrefte eller stadfeste hypotesane. Ein går frå teori til empiri. Abduktiv metode er kjenneteikna av at ein beveger seg mellom teori og empiri, og er meir mot midten av induktiv og deduktiv metode. Dette er meir ei pragmatisk tilnærming skriv Busch (2013, s. 51).

Føremålet med denne studien er å forstå korleis barnehagar har lukkast med endringsprosessen knytt til kosthald og måltid etter Fiskesprellkurs, og i kva grad endra

kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen. Den vitskapsteoretiske ståstaden for studien er pragmatisk med mixed method, fordi det har vore føremålstenleg for forskinga framfor ein underliggande filosofi. Kombinasjonen av spørjeskjema og kvalitativt intervju er metodane som er nytta gjennom ei abduktiv tilnærming. Hovudsakleg er ei fortolkingsbasert tilnærming valt med føremål om å nytte etablert teori som verkty for å forstå fenomenet som vert studert. Dette er nærare skildra under forskingsdesign og -metode.

3.3 Forskingsdesign

Forskingsdesign er planen for å gjennomføre ein forskingsstudie. «Det som kjenneteiknar ulike forskingsdesign, er kombinasjonen av kunnskapsmål og strategiar for å produsere data» (Bukve, 2016, s. 88).

Kunnskapsmålet med denne studien er å forstå kva som er avgjerande for at barnehagen skal lukkast med endringsprosessen knytt til kosthald og måltid etter Fiskesprellkurs, og kva effektar/verknadar endra kosthaldspraksis kan føre til i barnehagen. Problemstillinga har i hovudsak ei skildrande tilnærming, der føremålet er å kartlegge nytten av Fiskesprellkurs for kosthaldet og måltida i barnehagen, og endringsprosessen. Kunnskapen ein får om fenomenet kan kanskje vise til løysingar som kan hjelpe barnehagen i framtidig arbeid, og på den måten kan tilnærminga vere normativ, sjølv om det ikkje er hovudtilnærminga. Føremålet er teoretisk tolkande, som betyr at etablert teori er nytta som analyseverktøy for å forstå og gje meining til fenomenet som vert studert. Analysemetoden temasentrert analyse er nytta (Braun & Clarke, 2006). Strategien som Bukve (2016, s. 88) kallar tolkande rekonstruksjon er nytta med pragmatisk tilnærming. Ein teori låg delvis til grunn for datainnsamlinga, og det synte seg at anna teori måtte supplerast for å tolke data og gje betre forståing. Rammene var i så måte fleksible. Undervegs i prosessen har datamaterialet leia i andre retningar og mot andre tolkingar enn det masterstudenten i utgangspunktet såg føre seg. Dette var særst interessant og gjevande.

Tolkande rekonstruksjon er ein empirinær strategi, og val av strategi for datakonstruksjon var casesentrert (Bukve, 2016, s. 96). Følgjande definisjon på casestudie er nytta, fordi den legg aspektet med å studere eit sosialt fenomen i sin heilskap og kontekst til grunn for forståinga av eit casestudie: «[...] ein casestudie er ei empirisk undersøking som undersøker eit samtidig

fenomen i sin verkelege kontekst når grensene mellom fenomenet og konteksten ikkje er innlyssande klare, og der fleirfaldige datakjelder blir brukte» (Bukve, 2016, s. 121–122).

Studien har eit intensivt design, då den samlar inn data frå nokre få kjelder (Busch, 2013, s. 52). Casen i studien er fenomenet endringsprosessen med kosthald i barnehagen etter Fiskesprellkurs som Ipsos tilrår (2020, s. 75). Data er henta frå fire barnehagar, som er uttrykk for casen som vert studert for å få ei heilskapleg forståing for å svare på problemstillinga. Det er ikkje ein komparativ casestudie der barnehagane vert samanlikna, men informantane gjev grundige skildringar og detaljar kring fenomenet. Case strategien for datakonstruksjon studerer endringsprosessen med kosthald i barnehagen i eit heilskapleg system, der komponentane gjensidig påverkar kvarandre og er vurderte i samanheng. Det er prosessen for endring som er fokus, frå konteksten arbeidet inngår i, til kursdeltaking og korleis det har vorte jobba med i barnehagen i etterkant av kursdeltaking. Barnehagane har valt å jobbe på ulike måtar, så det har vore mogleg å få forståing for kva som fremjar og hemmar barnehagen i endringsprosessen som er casestudien/phenomenet. I dette ligg det å sjå mønster av stabilitet og variasjon som kjem fram i empirien (Bukve, 2016, s. 82).

3.4 Forskingsmetode

Innan samfunnsforskinga er eit skilje mellom korleis vi genererer informasjon om samfunnet og analyserer den. Den kvantitative tilnærminga på den eine sida søker forklaring og har større avstand til respondentane og data i form av tal. Medan den kvalitative tilnærminga på den andre sida søker forståing og har nærleik til informantane og ein open interaksjon mellom masterstudenten og informant og data i form av tekst (Tjora, 2017, s. 24).

Kvalitativ vitskapleg metode er valt i studien på grunnlag av problemstilling, føremål og strategi for datakonstruksjon som alt omtalt under forskingsdesign. Den kvalitative tilnærminga har gitt fleksibilitet, og studien har vorte justert og tilpassa undervegs (Thagaard, 2018, s. 16).

Problemstillinga er skildrande, og for å finne svar på forskingsspørsmåla var det føremålstenleg å ta i bruk to metodar for datainnsamling (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 151). Først spørjeundersøking (survey) med føremål om større bredde i datamaterialet, betre forståing og å kartlegge korleis flest mogleg tilsette opplevde nytten av Fiskesprellkurset for

kosthald og måltid i barnehagen. Spørjeskjema er oftast knytt til kvantitativ metode og å gje forklaring, men i denne studien var ikkje forklaring eit mål med spørjeskjemaet (Fekjær, 2016, s. 21). Spørjeundersøkinga la også eit godt grunnlag for utarbeiding av spørsmål til den andre metoden for datainnsamling, kvalitativt intervju. Ein intervjuguide vart utarbeida og er eit manuskript for å strukturere intervju meir eller mindre stramt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 162).

Føremålet med kvalitative forskingsintervju er å forstå verda frå perspektivet til informanten gjennom ei varsam spørje-og-lytte-orientert tilnærming. Det er ein samtale med ein viss struktur og hensikt, og det er masterstudenten som gir tema, styrer og kontrollerer samtalen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 21, 22, 42). Forskingsintervjuet i denne studien var semistrukturert, som betyr at det verken var ein open samtale eller ei lukka spørjeskjemasamtale. Intervjuguiden var eit utgangspunkt for intervjuet og gav noko struktur på samtalen, men vart ikkje følgt heilt slavisk. Oppfølgingsspørsmål vart stilt der det var naturleg, basert på svar frå informantane (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 46, 162).

Førforståing til masterstudenten

Bukve (2016) skriv at førforståing er alt av personlege erfaringar av tida og samfunnet vi lever i. Alt frå utdanning, teoretisk grunnlag og perspektiv, i tillegg til personlege erfaringar påverka førforståinga. Relevant i denne samanhengen er spesielt at masterstudenten har vore kursleiar for barnehagar i Fiskesprell sidan 2017. Fleire kurs i barnehagar er gjennomført med alle tilsette, som denne studien ser nærare på. Personleg førforståing er at denne type kurs gjev Fiskesprell betre forankring i barnehagen, og styrkar barnehagen i endringsarbeidet knytt til kosthald. Bias i forskning er at resultat eller slutningar i ein studie er feil. Feil kan ha fleire årsaker. Førforståing som påverkar analyse og resultat kan vere ei slik årsak (Denscombe, 2010, s. 85; Grønmo, 2021). Dette har gjort at masterstudenten vore sær medviten om personleg førforståing under studien, og spesielt under analyse av empirien.

3.5 Datainnsamling

Val av informantar

I denne studien fekk alle 54 tilsette i utvalsbarnehagane høve til å delta i spørjeundersøkinga, og 27 leverte svar. Styrar og ein tilsett som er opptatt av kosthaldet og måltid i barnehagen har vore informantar i kvalitativt telefonintervju.

Sidan barnehageåret 2018/2019 har barnehagar i Midt-Noreg fått tilbod om kurs i eigen barnehage med alle tilsette. Som kursleiar i Fiskesprell hadde masterstudenten tilgang på liste over barnehagar som hadde delteke på kurs, og kven som var kursleiar på dei respektive kursa. Det var ynskjeleg å unngå barnehagar der masterstudenten sjølv hadde vore kursleiar grunna moglege bias (Denscombe, 2010, s. 83–85). Dermed var det to barnehagar som var aktuelle.

For å få eit større utval av informantar, vart både ei fylkeskommune i Midt-Noreg og Fiskesprell sentralt kontakta. Programleiar i Fiskesprell tipsa om fylkeskommune på Sør-Austlandet som kunne ha aktuelle informantar til masteroppgåva. Dette vart følgt opp.

Tabell 1 har ein kort omtale av barnehagane empirien er innhenta frå og tal på informantar. Barnehage 4 trekte seg frå kvalitativt intervju, fordi dei ikkje hadde kapasitet.

Informant	Omtale	Telefonintervju	Spørjeundersøking
Barnehage 1	Kommunal barnehage på Sør-Austlandet med 13 tilsette. Har delteke på Fiskesprellkurs tre gongar. Første i 2009, og siste var «besøkskurs i barnehagen».	2	} 10
Barnehage 2	Kommunal barnehage på Sør-Austlandet med 12 tilsette. Deltok på første Fiskesprellkurs i 2011, og siste var «besøkskurs i barnehagen».	2	
Barnehage 3	Privat barnehage i Midt-Noreg med 8 tilsette. Har delteke på fleire Fiskesprellkurs. Kurs i eigen barnehage saman med alle tilsette i 2018.	2	} 17
Barnehage 4	Privat barnehage i Midt-Noreg med 26 tilsette. Kurs i eigen barnehage saman med alle tilsette i 2019.	0	
Totalt		6	27 av 54 tilsette leverte svar.

Tabell 1 Oversikt over barnehagane som empirien er henta frå og tal på informantar

Nettskjema er ei sikker løysing for gjennomføring av datainnsamling på nett, og dette er fritt tilgjengeleg for studentar ved Høgskulen i Volda. Spørjeundersøking i Nettskjema vart nytta

og mobilappen Nettskjema-diktafon for lydopptak av telefonintervju (Høgskulen i Volda, 2021).

Spørjeundersøking

Nettbasert spørjeundersøking med ope spørjeskjema vart gjennomført i tidsrommet 12. februar - 2. mars 2021. Deltaking var frivillig, og melding til NSD var ikkje naudsynt (vedlegg 1). Dei tilsette fekk lenke til spørjeskjemaet i e-post frå eigen styrar med oppmoding om å svare individuelt. Svara vart lagra i Nettskjema. Det var verken varsling på e-post om motteke svar til masterstudenten eller kvittering på levert svar til deltakaren. Anonymitet var sikra gjennom e-postadressene til kun styrarane. Ei ulempe med dette var at det ikkje var mogleg å purre direkte til dei tilsette, men at dette måtte skje gjennom styrar.

Alle stillingsgrupper i barnehagen er representerte i svarmaterialet, det vil seie tre styrarar, ni pedagogisk leiarar, fire førskulelærarar, seks assistentar og fem barne- og ungdomsarbeidarar.

Spørjeundersøkinga vart utarbeida i word dokument, og inspirasjon vart henta frå Ipsos (2020, s. 79) sitt spørjeskjema (Fekjær, 2016, s. 22). Spørjeskjemaet vart bygd i Nettskjema (vedlegg 2).

Spørjeskjemaet hadde flest lukka obligatoriske spørsmål i tre påstandsbolkar med svaralternativ frå heilt ueinig, litt ueinig, både/og, litt einig, heilt einig, veit ikkje og ikkje aktuelt. Det var variasjon i om påstandane var positive eller negative for å unngå at informanten kunne krysse av i same kolonne. Årsaka til at desse ikkje var nøytrale var ynskje om at informanten tok stilling til ein påstand om seg sjølv og kosthaldspraksis i barnehagen etter kursdeltaking.

Ein påstandsbolk handla om motivasjon, ynskje og forventningar til kurset, i tillegg til forkunnskap om kosthald i barnehagen. Ein anna handla om sjølv Fiskesprellkurset og oppleving av det knytt til kunnskap om kosthald og måltid i barnehagen, bruk av smakssansane saman med borna og auka matlagingsferdigheiter. Ein tredje tok føre seg praksis i barnehagen etter Fiskesprellkurset knytt til kosthald, involvering av borna og systematisk arbeid.

Spørjeskjemaet hadde også nokre opne valfrie spørsmål som la til rette for utfyllande svar. Det eine opna for å gjere masterstudenten merksam på andre effektar (positive/negative) som

spørjeskjemaet ikkje fanga opp. Det andre var knytt til om barnehagen kan ha eit endå sunnare kosthald, og kva som eventuelt skal til.

Undersøkinga gav verdfull informasjon og eit godt grunnlag for utarbeiding av intervjuguide til telefonintervju (Fekjær, 2016, s. 24).

Kvalitativt intervju

Kvalitativt telefonintervju med to tilsette per utvalsbarnehage vart utført for djupare innsikt og forståing for korleis barnehagane har jobba med å endre kosthaldet og måltida i barnehagen (Tjora, 2017, s. 170). Som det går fram av tabell 1, så var det tre barnehagar som stilte på telefonintervju.

Telefonintervjua vart gjennomført 17., 18. og 19. mars 2021. Tidsbruk på intervjuet var sett til maks 45 minutt. Alle intervjua nytta maks avtalt tid. Ein av informantane sa etter intervjuet at ho var spent på om ho kunne prate i 45 minutt om temaet, men det viste seg å ikkje vere noko problem.

Casestudie ser på fenomenet prosessen med endring av kosthaldspraksis i barnehagen etter deltaking på Fiskesprellkurs (Ipsos, 2020, s. 75). Intervju av styrar og ein eller to tilsette som er opptekne av kosthaldet og måltid i barnehagen var ynskjeleg for å få ei skildring av korleis dei jobba med kosthaldet i barnehagen og korleis hinder i dette arbeidet vart møtt og handtert. Det ville vere ein fordel om informanten hadde vore tilsett i barnehagen ei tid, men det var ikkje eit krav. Sidan Høgskulen i Volda rådde alle studentar til å gjennomføre personlege intervju over telefon ved gjennomføring av forskingsprosjekt under Covid-19 pandemien, vart dette forma på det kvalitative intervjuet (Høgskulen i Volda, 2021).

Det vart utarbeida ein intervjuguide (vedlegg 3) for å gjennomføre semistrukturerte telefonintervju. Dette gav ein viss struktur på samtalen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 156). Intervjuguiden var utarbeida på grunnlag av svar frå spørjeundersøkinga og eit visst teoretisk perspektiv, og sendt på e-post til styrarane omlag ei veke før intervjuet, slik at informantane skulle vite spørsmåla på førehand. Sjølv om alle informantane fekk same intervjuguide, så vart no ikkje den følgd slavisk, men semistrukturen gav fleksibilitet og oppfølgingsspørsmåla var ulike.

Informasjonsskriv og samtykkeskjema for telefonintervjuet vart også sendt styrar på førehand (vedlegg 4). Styrar ordna og avtalte med aktuell tilsett. Deltaking var frivillig.

For seinare dokumentasjon og analyse vart alle intervjuar vart tekne opp på Nettskjema-diktafon (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). For å få til dette vart det nytta to mobiltelefonar. Den eine for å ringe informanten, og den andre for å ta opp på lydband. Telefonen var på høgtalar under heile samtalen for å ta opp på lydband. Dette var nøye testa ut før gjennomføring for å vere sikker på at teknologien fungerte (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206).

Informantane vart oppringde på avtalt telefonnummer og tidspunkt. Masterstudenten forsikra seg om at informasjonsskrivet var lest og forstått, og bad om at samtykkeskjema vart oversendt snarast råd etter gjennomført intervju frå styrar si e-postadresse. Informanten fekk så informasjon om korleis intervjuet ville bli gjennomført med mobil på høgtalar for lydopptak i Nettskjema-diktafon. Informanten vart spurt om vedkomande var klar før lydbandopptaket vart starta. Informanten fekk også beskjed når lydbandopptaket vart stoppa (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 160).

Innleiingsvis i intervjuet vart informanten beden om å seie litt om stillinga si i barnehagen, og ein kort status på korleis barnehagen har jobba med kosthaldet og måltida over tid. Det vart understreka å sjå bort ifrå den spesielle situasjonen som er under Koronapandemien, fordi det er ikkje dette studien dreier seg om. Spørsmåla handla om kva som har vore viktig for å kunne legge til rette for eit sunnare kosthald. Det vart understreka at dette ikkje nødvendigvis hadde samanheng med Fiskesprellkurset. Det kvalitative intervjuet hadde fokus på endringsprosessen og kva årsaker og hinder barnehagen har møtt/identifisert i arbeidet med kosthald og måltid, og ikkje Fiskesprellkurset slik som i spørjeskjemaet. Masterstudenten noterte i ei notatbok undervegs, og det var til hjelp lengre ut i intervjuet angående tema informanten hadde snakka om tidlegare. Eit døme på dette var ein uttale frå informanten tidleg i intervjuet om at vedkomande opplevde at fylkeskommunen var «veldig på». Informanten la trykk på ordet «på». Dette var notert, og seinare i intervjuet vart det naturleg med eit oppfølgjingsspørsmål om å utdjupe kva dette innebar.

3.6 Dataanalyse

Temasentrert analyse i seks trinn etter Braun & Clarke (2006) er nytta i analysen av rådata frå studien. Temasentrert analyse er ein analysemetode for å identifisere, analysere og finne mønster eller tema i rådatamaterialet. Ein av fordelane med metoden er fleksibiliteten den gir, då den er uavhengig av teori og epistemologi (Braun & Clarke, 2006, s. 78). Det er viktig at det teoretiske rammeverket og metodane matchar føremålet med studien. Temasentrert analyse er annleis enn andre analytiske metodar, og krev ikkje detaljert teoretisk og teknologisk kunnskap. Det vart derfor vurdert til at denne var best eigna analysemetode for denne studien som har ei pragmatisk tilnærming. Temasentrert analyse er ikkje låst til eit teoretisk rammeverk og kan derfor nyttast innan ulike teoretiske rammer og tilnærmingar (Braun & Clarke, 2006, s. 80–81).

Ein del av fleksibiliteten ved temasentrert analyse er at den gjev rom for å avgjere tema på mange måtar. I denne studien har tema eller mønster i rådata vorte identifiserte gjennom bruk av teori, der teorien har gitt temarammene for koding. Dette er meir eksplisitt analytikardriven (Braun & Clarke, 2006, s. 83–84).

Vidare har det vore naudsynt å ta stilling til kva nivå temaet skal identifiserast. Vanlegvis fokuserer ei temasentrert analyse primært på eitt nivå. Ei semantisk tilnærming identifiserer tema på overflata av data, og ein er ikkje ute etter noko utover det informantene har sagt eller skrive. Ei latent tilnærming derimot, går utover det semantiske innhaldet i data og undersøker dei underliggjande ideane eller meiningane som er teoriserte som formande for det semantiske innhaldet i data. Dersom ein ser føre seg data tredimensjonalt som ein ujamn klatt gelé, så vil den semantiske tilnærminga prøve å skildre overflata av geleéen, forma og betydninga, medan den latente tilnærming vil prøve å identifisere funksjonar som gav den spesielle forma og betydninga. Den latente tilnærminga inneberer fortolingsarbeid i utviklinga av tema og analysen som vert produsert er ikkje berre skildring, men er allereie teoretisert. Analysen i denne studien er latent, der teori har gitt temarammene for koding og gjev ei breiare skildring av det som vert artikulert i empirien (Braun & Clarke, 2006, s. 84–85).

Skildring av analyseprosessen

Braun & Clarke (2006, s. 86–87) skildrar seks fasar av prosessen med temasentrert analyse, og er ei retningsline med fleksibel tilnærming for å tilpasse forskingsspørsmål og data.

Analyseprosessen er ikkje lineær frå ei fase til neste, men meir rekursiv, der ein går fram og tilbake mellom dei ulike fasane etter behov.

Fase 1: Bli kjent med datamaterialet

For å bli godt kjent med datamaterialet og få det «under huden» vart forskingsintervjua transkriberte frå lydopptak til tekst same veke som dei var gjennomført. Verbale data må vere transkribert til skrifteleg tekst for å gjennomføre ei temasentrert analyse (Braun & Clarke, 2006, s. 87). Transkriberinga var gjort i ordrett talespråkstil ved å lytte til lydopptaket og skrive ordrett det som vart sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206, 207). Det vart nytta ulik skriftfarge for å skilje mellom masterstudenten og informanten i transkripsjonen. Denne fasen er ei nøkkelfase i dataanalyse innan fortolkande kvalitativ metodikk og ei anerkjend fortolkande handling, der meiningar vert skapte snarare enn berre ei mekanisk handling ved å få talelydar til tekst. Transkripsjon er tidkrevjande, men gjev ei grundig forståing for dataa (Braun & Clarke, 2006, s. 87–88).

Fase 2: Generere innleiande koding

Denne studien har hovudsakleg teoridreven koding. Med teorien i tankane, vart interessante trekk ved data streka under på papirversjonen av transkribert tekst. Koding vart utført manuelt på transkribert tekst og notert på dokumentet. Tabell 2 under syner eit utdrag av korleis innleiande koding vart produsert frå ein informant i barnehage 1. Datautdrag, i venstre kolonne, syner informanten sine ord. I midtkolonna er interessante trekk ved datautdraget understreka. I høgre kolonne dei interessante trekka samla i innleiande koding. Prosessen med koding er del av analysen, og til hjelp for å organisere data (Braun & Clarke, 2006, s. 88–89).

Datautdrag	Interessante trekk understreka	Innleiande koding
Jeg tenker at alt vi skal få gjennomført og de endringane som vi skal få gjort så er det egentlig en forutsetning at det er forankra hos ledelsen. Og at jeg som styrer må legge til rette for at personalet skal kunne gjøre det sjølv om jeg kan delegere ansvar så må jeg sette av plass på møter, altså være en del av for at dette skal kunne bli noe varig. Og forankrast i årsplanen vår, slike ting så tenker jeg at lederne er helt vesentlig for at en skal få det til.	Jeg tenker at alt vi skal få gjennomført og de endringane som vi skal få gjort så er det egentlig en forutsetning at det er <u>forankra hos ledelsen</u> . Og at jeg som <u>styrer</u> må <u>legge til rette for</u> at <u>personalet</u> skal kunne gjøre det sjølv om jeg kan <u>delegere ansvar</u> så må jeg <u>sette av plass på møter</u> , altså være en del av for at dette skal kunne bli noe varig. Og <u>forankrast i årsplanen vår</u> , slike ting så tenker jeg at <u>lederne</u> er helt <u>vesentlig</u> for at en skal få det til.	<ul style="list-style-type: none"> • Forankring hos leiing • Styrar legg til rette for personalet • Sette av tid på møter • Forankring i årsplan

Tabell 2 Utdrag av data som syner identifisering av interessante trekk og innleiande koding

Fase 3: Søk etter tema

Denne fasen refokuserer analysen til eit breiare nivå av tema. I denne studieanalysen har teori gitt temaramme. Innleiande koding er samla i potensielle tema (Braun & Clarke, 2006, s. 89–91). Tabell 3, bygger vidare på tabell 2 med datautdraget frå informanten i barnehage 1. I kolonnen lengst til høgre dekkjer tema frå teori den innleiande kodinga og femnar om ei større gruppe data.

Datautdrag	Interessante trekk understreka	Innleiande koding	Tema frå teori
«Jeg tenker at alt vi skal få gjennomført og de endringane som vi skal få gjort så er det egentlig en forutsetning at det er forankra hos ledelsen. Og at jeg som styrer må legge til rette for at personalet skal kunne gjøre det sjølv om jeg kan delegerere ansvar så må jeg sette av plass på møter, altså vere ein del av for at dette skal kunne bli noe varig. Og forankrast i årsplanen vår, slike ting så tenker jeg at lederne er helt vesentlig for at en skal få det til.» 1a	«Jeg tenker at alt vi skal få gjennomført og de endringane som vi skal få gjort så er det egentlig en forutsetning at det er <u>forankra hos ledelsen</u> . Og at jeg som <u>styrer</u> må <u>legge til rette for at personalet</u> skal kunne gjøre det sjølv om jeg kan <u>delegere ansvar</u> så må jeg <u>sette av plass på møter</u> , altså vere ein del av for at dette skal kunne bli noe varig. Og <u>forankrast i årsplanen vår</u> , slike ting så tenker jeg at <u>lederne</u> er helt <u>vesentlig</u> for at en skal få det til.» 1a	<ul style="list-style-type: none">• Forankring hos leiing• Styrar legge til rette for personalet• Sette av tid på møter• Forankring i årsplan	Kontekst Mobilisering Organisering Læring

Tabell 3 Utdrag av data som syner innleiande tema

Fase 4: Gjennomgang av tema

Denne fasen handlar om å sjekke om tema fungerer i høve innleiande koding. Det er viktig at data innan tema heng saman og gjev meining, og at det er klare skilje mellom tema. Det viste seg at noko koding ikkje passa i tema frå teorien, og derfor var det behov for å inkludere anna teori som femna denne kodinga (Braun & Clarke, 2006, s. 91–92). Dette gjaldt leiingsteori.

Fase 5: Definere og namngje tema

I denne fasen vart detaljar for kvart tema definert, avgrensa og presentert i analysen. Det handlar om å identifisere «essensen» av kva kvart enkelt tema handlar om (Braun & Clarke, 2006, s. 92). Som det kjem fram i empirikapitlet, så er ei oppsummering av det som er essensielt frå dataa presentert, og deretter analyse av empirien i lys av teorien.

Fase 6: Ferdigstilling av resultat

Eit samandrag som identifiserer essensen frå kvar utvalsbarnehage vart utarbeida med analyse i lys av teori (Braun & Clarke, 2006, s. 93).

3.7 Forskingsetikk

Thagaard (2018, s. 20) skriv at alle forskarar skal stille seg til etiske prinsipp. Etiske retningsliner krev å utvise god og nøyaktig presentasjon av forskingsresultat

Meldingskjema for behandling av personopplysningar vart sendt Norsk senter for dataforskning for godkjenning av studien med lydopptak av telefonintervju. Søknaden vart vurdert og godkjent (vedlegg 5). NSD bad om at personvernombodet ved Høgskulen i Volda vart lagt inn i informasjonsskrivet (vedlegg 6).

Samtykkeskjema informerte om at sitat ville bli anonymisert ved koding av informant. Dette er justert, då masterstudenten ikkje fann det naudsynt å nytte koding. I staden vart det vist til korleis ein informant uttrykte seg. På denne måten er anonymitet sikra. I tillegg er ikkje Fylkeskommune eller kommune nemnt i oppgåva. I spørjeskjema i Nettskjema (vedlegg 2) har masterstudenten sladda kva det praktiske Fiskesprellkurset var del av for å sikre konfidensialitet (Thagaard, 2018, s. 24).

4. Empiri og analyse

I dette kapitlet vert innsamla empiri presentert og analysert etter kvart. Først vert data frå spørjeundersøkinga lagt fram og analysert, og dei viktigaste funna frå spørjeundersøkinga samla. Deretter kjem empirien frå kvalitative telefonintervju for kvar barnehage med analyse, og dei viktigaste funna presentert i tabellform.

4.1 Empiri frå spørjeskjema og analyse

Føremålet med spørjeundersøkinga var å kartlegge korleis tilsette opplever nytten av Fiskesprellkurs for kosthaldet og måltida i barnehagen, og gjev svar på forskingsspørsmål 1. Det var også eit mål å kartlegge om dei tilsette opplevde at satsinga hadde overføringsverdi til andre områder, då dette gje ein indikasjon på effektivitet og kvalitet i barnehagen. Det vert vist til tal svar og ikkje prosent sidan datamaterialet er relativt lite, og prosentfordeling kan gje inntrykk av stor skilnad.

Informantane

27 av 54 mogelege informantar svarte på spørjeundersøkinga. Alle stillingsgruppene i barnehagen er representert, og gav med det god breidde i datamaterialet (Fekjær, 2016, s. 21). Tre av fire styrarar leverte svar.

Tabell 4 syner svarfordeling frå spørjeundersøkinga. 10 informantar jobba i offentleg barnehage og 17 informantar jobba i privat barnehage. Svarfordelinga på type Fiskesprellkurs skulle vere same som fordelinga på offentleg og privat barnehage, så her var noko misforståing. Feilregistreringa har ingenting å seie for datamaterialet mellom anna fordi studien ikkje er komparativ.

Barnehagen er:	offentleg	10	} 27 informantar
	privat	17	
Type Fiskesprellkurs:	Praktisk med barn	2	
	I eigen barnehage	25	
Andre kurs/utdanning innan kosthald	Ja	5	
	Nei	22	

Tabell 4 Svarfordeling frå spørjeundersøkinga

Nokre få hadde tatt andre kurs/utdanning innan kosthald, og ein av dei var styrar.

Det mest relevante å få med, var at svarfordelinga frå barnehagane var relativt lik på offentleg og privat barnehage. Vidare at alle stillingsgrupper var representert i materialet. Dette for å få breidde i svarmaterialet og innsikt i nytten dei tilsette opplevde av Fiskesprellkurset for barnehagen.

Motivasjon, kompetanse og forventningar til Fiskesprellkurs

Det var ynskjeleg å få informasjon om den enkelte sin motivasjon, kompetanse og forventning til Fiskesprellkurset. Denne kartla individuell kontekst i inngangen til Fiskesprellkurset. Den individuelle innstillinga dei tilsette har til kursdeltaking og forventningar, er med på å skape intern kontekstramme som dei tilsette har til endringsprosessen dei står overfor. Men det som i aller størst grad gjev legitimitet og aksept for endringsprosessen, er politikken til overordna styresmakter (R. Amdam, 2005, s. 162). Den handlar om næring, ernæring, om å gjere det litt lettare å velje sunt, og om å gjere det vi et litt sunnare (Departementene, 2017, s. 5). Aksept for denne inneber at dei involverte er innforstått med at barnehagen utgjør eit potensiale for å løyse ei utfordring.

Tabell 5 syner at fleirtalet var motivert for å delta på Fiskesprellkurs, medan nokre uttrykte blanda innstilling og usikkerheit.

	Heilt einig + litt einig	både/og	litt ueinig	veit ikkje	Ikkje aktuelt
Motivasjon	22	2	1	2	
Kompetanse	19	7	1		
Forventning	20	5	1		1

Tabell 5 Svar fordelt på tal om motivasjon, kompetanse og forventningar til Fiskesprellkurs. Totalt 27 svar.

Fleirtalet gav også uttrykk for at dei hadde god kompetanse på kosthald i barnehagen før Fiskesprellkurset. Nokre svara både/og, og kan bety at dei opplever dei har noko kompetanse, men kan godt tenke seg meir. Ein var litt ueinig i å ha god kompetanse på kosthald.

Dei fleste ynskte å betre ferdigheitene innan matlaging, medan langt færre svara både/og. Ein var litt ueinig. Her svara ein styrar at det ikkje var aktuelt. Dette kan mogleg bety at vedkomande ikkje skulle delta på praktisk del av kurset, og/eller at vedkomande ikkje jobbar på avdeling med matlaging.

Oppleving av Fiskesprellkurset

Fleirtalet opplevde Fiskesprellkurset positivt. I tabell 6 er svar fordelt på tal. Den syner at litt over halvparten opplevde å tileigne seg auka kunnskap om kosthald og måltid i barnehagen, medan det kan vere at dei som syns det var lite nyttig allereie hadde godt med kunnskap frå før. Dette kan sjåast i samanheng med kompetanse i tabell 5, der 19 svara å ha god kompetanse på kosthald i barnehagen før Fiskesprellkurset.

	Heilt einig + litt einig	Både/og	Litt ueinig + heilt ueinig	Veit ikkje	Ikkje aktuelt
Gav nyttig kunnskap om kosthald	16	3	7	1	
Gav nyttig kunnskap om måltid	16	6	5		
Utforske smakar	26	1			
Idear med overføringsverdi	21	3		3	
Inspirert	13	4	10		
Betre matlagingsferdigheiter	15	8	1	2	1

Tabell 6 Svar fordelt på tal om oppleving av Fiskesprellkurset. Totalt 27 svar.

Nær alle svara at kurset viste korleis ulike smakar kan utforskast med borna. Ein informant svara utfyllande i spørjeskjemaet: «Barnehagen har blitt meir medviten på å legge til rette for måltidsaktivitetar som utfordrar borna sitt matmot. Vi har større fokus på sansane i kontakt med råvarer. Det er vegen å gå for å motivere born til å smake nye smakar.»

Det var overvekt av dei som syns kurset gav nye idear med overføringsverdi til andre områder dei jobbar med i barnehagen. Fiskesprellkurset er å sjå som del av mobiliseringsvariabelen der dei tilsette er samla og deltek saman. Det at dei tilsette får felles oppleving med kunnskapsauke fremja både den individuelle og kollektive handlinga til dei tilsette (R. Amdam, 2011, s. 91).

Ein annan informant svara utfyllande i spørjeskjemaet: «Fiskesprellkurset bidrog med mange tips, nyttig informasjon og inspirerte meg. Det gjorde oss meir medvitne på kosthald og fisk i mattilbodet og hadde svært god effekt første tida etter kurset.»

God effekt den første tida etter kurs er sentralt i sitatet og vert tolka som at endringa med kosthald og sjømattilbodet ikkje varte over lengre tid, men gjekk tilbake til «det gamle». Fiskesprellkurset blir sett som del av mobiliseringsvariabelen, og endring er eit mål som varer lenge. R. Amdam (2011, s. 147) påpeikar at overgangen frå mobilisering til organisering er kritisk. Det kan sjå ut til at barnehagen har «hoppa over» organiseringsvariabelen og gått rett til gjennomføringsfasen. Produksjonen er ikkje organisert, og barnehagen meistra ikkje å omsett dei nye erkjenningane frå kurset til ny praksis som varer over tid, og vi ser ein midlertidig effekt.

Halvparten opplevde at kurset inspirerte dei til å involvere borna i matlaging, medan nær like mange ikkje vart inspirert. Ei mogleg årsak til at fleire ikkje vart inspirerte til å involvere borna i matlaging og ikkje opplevde å få særleg styrka matlagingsferdigheiter, kan vere at desse informantane ikkje hadde delteke på den praktiske delen av kurset, men berre teoridel. I barnehagen er det sterke fagpersonar, og dette er ein ekspertorganisasjon. Kunnskapsauken på Fiskesprellkurset vil mest sannsynleg brynast mot verdiane som fagpersonane har tileigna seg gjennom profesjonsutdanninga si (R. Amdam, 2005, s. 162).

Om lag halvparten opplevde å få styrka matlagingsferdigheiter på kurset, medan nokre svara både/og. Det var også dei som ikkje visste, var ueinig eller som dette ikkje var aktuelt for. Dette kan ha samband med at dei berre deltok på den teoretiske delen av kurset. Ei anna mogleg årsak kan også vere korleis bornegruppa i barnehagen er, til dømes om dei akkurat no har krevjande born som ikkje vil klare å delta. Dette vil krevje mykje meir ressursar.

Praksis i barnehagen knytt til kosthald, måltid og systematisk arbeid etter Fiskesprellkurs

Dei fleste meiner barnehagen har endra praksis etter Fiskesprellkurset. Tabell 7 har samla fleire av påstandane i ei rad, slik at kolonnen for *Sunnare servering* har samla påstandane som har med det å gjere.

Litt over halvparten opplever at barnehagen serverer meir grønsaker, grovare brød/kornprodukt, fisk og sjømat, og har større utval i fiskepålegg etter kursdeltaking. Det gjeld også sjømat- og grønsakskonsumet til borna, som har auka. Når det gjeld involvering av borna i førebuing og opprydding av måltid, så er dette ganske likt fordelt på om dei er einig eller ueinig i desse påstandane.

	Heilt einig + litt einig	Både/og	Litt ueinig + heilt ueinig	Veit ikkje	Ikkje aktuelt
Sunnare servering	17	4	5		1
Auka sjømat- og grønnsakskonsum	14	6	4	2	1
Deltaking	11	5	8	1	2
Måltidet	19	6	2		
Del av det systematiske arbeidet	9	6	10	2	

Tabell 7 Svar fordelt på tal om praksis etter Fiskesprellkurs knytt til kosthald, måltid og systematisk arbeid. Totalt 27 svar.

Fleirtalet meiner at måltidet har vorte eit viktigare samlingspunkt i løpet av dagen, at barnehagen legg meir til rette for måltids glede, og at fleire tilsette et saman med borna. Dei fleste er ueinige i at måltidet handlar om berre å bli mett. Desse påstandsbolkane samla informasjon om gjennomføringsvariabelen. Funn syner at barnehagane i stor grad har hatt kapasitet og verkemiddel til setje i verk tiltak og endringar, som påverkar utviklinga av kosthaldet i barnehagen (R. Amdam, 2011, s. 92).

Siste kolonnerad i tabell 7, *Del av det systematiske arbeidet*, inkluderer også fleire påstandar. Nokre opplever at kosthald er oftare tema på avdelingsmøter, medan andre er ueinig. Denne fordelinga er ganske lik. Det systematiske arbeidet er å sjå som del av læringsvariabelen, som er viktig for å stimulere endringsprosessen og å halde det varmt gjennom å ha ein arena for meiningsbryting og samhandling for å bere prosessen vidare (R. Amdam, 2011, s. 92).

Ganske mange meiner kostplanen vert jobba med meir systematisk etter kursdeltaking, men like mange er ueinige i dette. Litt under halvparten meiner det står meir om kosthald og måltid i årsplanen til barnehagen, og nesten like mange veit ikkje. Nokre få er ueinige. Arbeidet med kosthaldsplanen og årsplanen til barnehagen er del av organiseringsvariabelen. I følgje R. Amdam (2005, s. 162) er verksemdplanar med resultatstyring og mål viktig i ekspertorganisasjonen.

Potensial for sunnare kosthald

Fleirtalet meiner barnehagen kan ha eit enda sunnare kosthald, og tabell 8 syner svara fordelte på tal. For å få til eit enda sunnare kosthald meinte dei fleste at personalressursar må til, medan nokre meinte økonomi trengst og andre igjen haldningane i personalgruppa. R.

Amdam (2005, s. 163) hevdar at i ekspertorganisasjonar vert dei tilsette sosialiserte inn i verdiane og normene til dei ulike profesjonsgruppene, og vert rekna så fundamentale, at nye tenkemåtar og verdiar kan møte sterk motstand (R. Amdam, 2005, s. 162). Men om profesjonsgruppene er så rigide i barnehagesektoren kan nok diskuterast. Haldningar som «sånn gjer vi det her på vår avdeling» kan kanskje heller vere kulturen, og dannar den interne kontekstramma.

	Ja	Nei	Veit ikkje
Sunnare kosthald	19	7	1

Tabell 8 Svar fordelt på tal. Kan barnehagen ha eit enda sunnare kosthald?

Ein informant uttrykte det slik: «Det hadde vore flott med eigen kokk som har dei rette kunnskapane og ikkje minst tid.»

Tid er noko som trengst for å lage måltida. Men barnehagen her har mest sannsynleg ikkje drøfta tilstrekkeleg ulike moglegheitsrom for organisering, men ser «tradisjonelt» på ei løysing. Ei alternativ løysing krev at dei tilsette jobbar gjennom meiningsbrytingsprosessar som kan stimulere til organisasjonsbygging og endre organisasjonsstrukturar (R. Amdam, 2011, s. 91).

Planlegging/organisering og prioritering vart skrive som viktig for å få sunnare måltid. Dette peikar mot kor viktig konkrete gjennomføringsplanar i ekspertorganisasjonar er (R. Amdam, 2005, s. 162).

Viktigaste funn frå spørjeundersøkinga

27 av 54 moglege svara på spørjeundersøkinga i dei fire utvalsbarnehagane. Spørjeskjemaet gav følgjande svar:

- A. Før Fiskesprellkurset var fleirtalet motivert for å delta, hadde god forkunnskap om kosthald i barnehagen og ønska å få auka matlagingsferdigheiter
- B. Fleirtalet opplevde å få auka kunnskap om både kosthald og måltid i barnehagen på kurset. For det meste positive tilbakemeldingar på sjølve kurset
- C. Dei fleste gav tilbakemelding om endra praksis i barnehagen etter kursdeltaking knytt til auka servering av fisk, grønnsaker, grovare brød/kornprodukt, involvering av borna i måltidsplanlegging, måltidsførebuing, inntak av grønnsaker og fisk/sjømat, bruk av smakssansane, måltidet, kosthald på avdelingsmøter, kostplan og årsplan. Men nokre gav tilbakemelding på forbettringspotensial.

Spørjeundersøkinga seier lite om organiseringa, og det ville vere interessant å få informasjon om i den kvalitative datainnsamlinga.

4.2 Empiri frå kvalitative telefonintervju og analyse

Kvalitative telefonintervju vart gjennomført for å utdjupe spørjeundersøkinga med mål om å søkje svar på forskingsspørsmål to og tre. Dette inneber å forstå kva som kan fremje og hemme endringsprosessen, og effekt endra kosthaldspraksis kan føre til i barnehagen.

Informantar var tre styrarar i tillegg til ein tilsett per barnehage som var opptatt av kosthald og måltid i barnehagen. Empirien vert presentert samla per barnehage, og sitat er anonymisert. Analyse vert presentert etter kvart. Avslutningsvis vert dei viktigaste funna presentert.

Ein kort presentasjon av utvalsbarnehagane kjem fram i tabell 1 under metodekapitelet.

Barnehage 1

Offentleg barnehage på Sør-Austlandet med 13 tilsette.

Ynsket frå personalet

Tilbake i 2009 serverte barnehage 1 eit måltid i veka, og resten hadde borna med sjølv heimanfrå. Det eine måltidet som vart servert var ofte spagetti og kjøtsaus, fordi personalet hadde inntrykk av at det er det born likar. Personalet i barnehagen ytra ynskje til styrar om å bli Fiskesprellbarnehage, som ville bety å servere meir fisk og sjømat. Styrar var i utgangspunktet litt skeptisk, fordi det var mykje diskusjon rundt mat og måltid.

Ein informant uttrykte det slik: «[...] viss vi blir det, så skal vi gjer det ordentleg.»

Styrar peika ut tre ressurspersonar som vart med på Fiskesprellkurs første gong i 2009. Tre veldig engasjerte tilsette returnerte tilbake i barnehagen, og ynskte å få med seg heile personalgruppa på å endre kosthaldet.

Analyse

Ynsket frå personalet til styrar om å bli ein Fiskesprellbarnehage kom innanifrå organisasjonen, og er å sjå som nedanifrå-og-opp-tilnærming eller endogen utvikling (R.

Amdam, 2011, s. 85). Styrar møter ynskje først med motstand slik R. Amdam (2005, s. 161) skildrar det lett blir i ekspertorganisasjonar. Men styrar imøtekjem dei tilsette, gjennom ein kombinasjon av leiarfunksjonane *entreprenørskap* og *administrasjon*. Det vart lagt til rette for kurs, og ressurspersonar vart peika ut for å delta på kurs og ha ekstra ansvar for kosthald (R. Amdam, 2011, s. 86; Strand, 2007, s. 433). For å lukkast med institusjonell kapasitetsbygging må det vere ein balanse mellom indre og ytre tilrettelegging (R. Amdam, 2011, s. 86). Til konteksten høyrer også med *Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen 2007-2011* og Fiskesprell prosjektet som var ei direkte oppfølging av denne handlingsplanen (Fiskesprell, 2021). Dette er eit bilete på kombinert ovanfrå-og-ned-tilrettelegging med nasjonal satsing, og nedanfrå-og-opp-engasjement frå dei tilsette i organisasjonen og korleis styrar meistrar denne balansen mellom dei to (R. Amdam, 2021, s. 75).

Dei tilsette som deltok på Fiskesprellkurset fekk auka kunnskap om kosthald og born. Dei hadde tidlegare ei felles forståing for kva born likar av mat, dermed vart det servert mest spagetti og kjøtdeig. Men på Fiskesprellkurset opplevde deltakarane å få ny teoretisk og praktisk kunnskap som kosthald og born, og dette er del av mobiliseringsvariabelen (R. Amdam, 2011, s. 91).

Prosessen endring av kosthaldet

I barnehagen var det veldig mange meiningar og haldningar til både kva born likar, at fisk er dyrt, at varmmat tek lang tid og at matlaging tok tid frå anna pedagogiske aktivitet. For å avlive desse mytane vart «Kokkekamp» gjennomført i barnehagen, der to fiskemiddagar og ein sunn dessert på 45 minutt vart laga. Dette vart organisert av ressurspersonane og styrar som hadde vore på Fiskesprellkurs. Kokkekamp vart gjennomført der alle tilsette deltok, og vart inndelte i grupper. Gruppene rekna ut kostnaden på rettane dei laga og samanlikna med kostnaden på eit smøremåltid. Det viste seg også at smøremåltid var dyrare enn varmmatrettane. «Kokkekamp» avliva mytane.

Analyse - mobiliseringsvariabelen

...the term myth, what we actually mean is the belief that we bought to be true whether it is true or not, we own it as truth. As a result, we create a world based on that myth. If the myth is false, the world that we create is not going to be in harmony with real life (Lipton, 2021, 3:50-4:07).

Gjennom «Kokkekamp» fekk dei tilsette erfare at mytane ikkje stemte med verkelegheita slik sitatet over skildrar. Ved å avlive mytane, så kunne barnehagen skape ei endring i tråd med verkelegheita. «Kokkekamp» kan sjåast som ei mobilisering av dei tilsette som inneber at dei fekk ei felles forståing for kosthald og born, og felles oppleving når dei laga mat saman. Dette la noko av grunnmurane for endringsarbeidet i barnehagen. Styrar si leing bar preg av *integratorfunksjonen* der dei tilsette fekk støtte og vart motiverte til å utvikle seg og tileigna seg ny kunnskap gjennom deltaking. Dei felles oppfatningane styrka samhaldet for det vidare endringsarbeidet i organisasjonen (Strand, 2001, s. 354, 2007, s. 433). Når kunnskapen endra verdiar og haldningar til dei tilsette, slik det kan sjå ut til at det gjorde i denne barnehagen, kan dette endre kosthaldspraksisen i barnehagen (R. Amdam, 2011, s. 91, 137–151).

Grep undervegs i endringsprosessen

Mangel på utstyr til å lage mat kunne vere eit hinder, og styrar såg difor til at ei kasse med utstyr vart kjøpt inn på kvar avdeling.

Gradvis endra barnehage 1 praksis til å servere fleire måltid, og borna hadde med mat til færre måltid. Etter kvart som barnehagen fekk gode system på matsserveringa, opplevde dei å ikkje bruke meir tid om morgonen når borna fekk mat i barnehagen enn om borna hadde med mat heimanfrå. Barnehagen fekk også erfaring med større likskap i kosthaldet. Tidlegare var det nokon som hadde med «tre koffertar» med mat og frukt, medan andre hadde veldig stusseleg niste eller hadde gløymt å ha med mat. Dette synleggjer den rolla sosial ulikskap kan ha, og korleis barnehagen kan vere ein viktig bidragsytar i dette folkehelsearbeidet med å utjamne ulikskapen.

Styrar og dei tre ressurspersonane som deltok på Fiskesprellkurset utgjorde matgruppa, og hadde det overordna ansvaret for kosthaldet i barnehagen. Kosthaldet i barnehagen vart forankra i dei nasjonale kostråda. Matgruppa utarbeidde tidleg rutine og retningsline for mat og måltid som gjaldt felles for heile barnehagen, og alle tilsette samarbeidde om å vidareutvikle denne. Det var viktig at personalet hadde gode haldningar og at dei vaksne var samstemte. I periodar vart det vore jobba med kva barnehagen skulle vektlegge under måltida, som mellom anna sunt og variert kosthald, gode haldningar og vaksenroller. Gode samtaler med borna og at borna skulle oppleve meistring under måltidet, som til dømes smøre mat sjølve og bli motiverte til å smake på nye ting. Generelt var det fokus på gode matrettar med læring og matglede.

Det var viktig å finne system som fjerna haldninga om at mat ikkje var ein verdiskapande aktivitet. Styrar la til rette for at ressurspersonane i matgruppa fekk sett av tid enten på slutten av eller heilt i starten av barnehageåret for å utarbeide tilpassa oppskrifter og planlegge menyar. Matgruppa fann oppskrifter og vart inspirert av Fiskesprell og Matjungelen. Oppskriftene vart tilpassa storleiken på barnegruppene, prenta ut og laminerte for å ha i ein perm. Permen var delt inn i vår- og hausthalvår. I løpet av desse åra har dette vorte ei slags kokebok for barnehagen.

Barnehagen har utarbeida menyar for smøremåltida, som havregrynsgraut til frukost på tysdagar, og dei andre dagane med brødmattil frukost. Det er ulik mat som vert servert til måltidet kl. 11. Det vert ikkje servert pøsepålegg eller ost kvar dag, noko matgruppa har sett i system, slik alle veit kva som skal serverast.

Barnehagen utarbeidde også meny for varmrettane, som vart servert ein gong i veka. Dei tilsette fekk kome med innspel før planen vart sett, men når den var fastsett så var den ufråvikeleg, då var det ikkje greitt å gå på butikken å kjøpe noko anna. Dette systemet fjerna høve for at kosthaldet i barnehagen var tilfeldig og prega av den enkelte tilsette sine egne val. Rammene var ikkje fleksible, men dette var eit medvite val dei tilsette tok saman og er samde om.

Plansjen «Varmrett i dag er ...» i garderoben som informasjonskopling til foreldra var også noko matgruppa laga slik at foreldra kunne sjå kva mattilbod borna fekk. Når born kom heim og sa dei har ete noko som dei syns var godt i barnehagen, så kunne foreldra be om oppskrifta. Slik kunne barnehagen påverke foreldra i å utvide mattilbodet i heimen.

Maten vart kjøpt inn for lange periodar av Matgruppa som planla varmrett til ei kvar tid, dette utgjør varmrett menyen. Langtidsplanlegging opplevde dei som tidseffektivt, og det blir brukt mindre tid på matbestilling med dette systemet. Barnehagen brukte meir tid på matbestilling når dei serverte berre eit måltid i veka enn når alle måltida vert servert. Matgruppa hadde også ansvar for å inspirere og vidareutvikle barnehagen sine rutinar og haldningar til mat og kosthald.

Innkjøpssystemet som barnehagen hadde for over 1,5 år sidan var dei veldig nøgde med. Bestillingsfrekvensen på varmrettar var då for eit halvt år om gongen, medan vanleg pålegg

om lag kvar 6. veke. Så ynskte ikkje leverandøren å levere til barnehagar lengre på grunn av vanskelege leveringsforhold. Barnehagen fekk ordna ei matleveringsavtale med ein nærbutikk, men denne avtalen var verken like bra eller like økonomisk som den førre. I kommunen vart det jobba for eit samarbeid med sjukeheimen, at dei bestilte til barnehagane og køyrte ut, men dette kom ikkje i gong før Covid-19 pandemien og stoppa opp. Planen var ei felles retningsline for mat og måltid for alle barnehagane i kommunen. Vidare at alle barnehagane skulle ha ein felles varmrett meny og felles pålegg utrekna per barn per veke.

Analyse

Innkjøp av utstyr for å redusere hinder i gjennomføring kan sjåast som del av organiseringsvariabelen, der styrar gjennom leiarrolla som *administrator*, skaffa det som avdelingane trengde for ei vellukka gjennomføring (R. Amdam, 2011, s. 152–177; Strand, 2007, s. 433).

Gode system kring matsservering syner til gode system etablert som ein del av organiseringsvariabelen. Dette er viktig for implementeringa og endringsprosessen slik at gjennomføringa vert lettare (R. Amdam, 2011, s. 152, 172). Styrar har, i leiarrolla som *administrator*, delegert ansvaret for kosthaldet til ressurspersonar som utgjer matgruppa og (Strand, 2007, s. 433). Dei nasjonale kostråda og sjølvutvikla retningsline for mat og måltid kan sjåast som del av konteksten til barnehagen sitt kosthald (R. Amdam, 2011, s. 117). Arbeidet med kva tilsette skal ha fokus på under måltidet kan sjåast som del av læringsvariabelen. Dette stimulerer den kapasitetsbyggande prosessen slik at dei tilsette tek ansvar og handlar kollektivt (R. Amdam, 2011, s. 92).

Gjennom den *administrator* leiinga (Strand, 2007, s. 433) til styrar fekk ressurspersonane i matgruppa tid til planlegging av kosthaldet i barnehagen, som var med på at system som inngår i organiseringsvariabelen vart utarbeida (R. Amdam, 2011, s. 152–163). R. Amdam understrekar (2011, s. 159) at overgangen frå mobilisering til organisering er ein av dei mest kritiske fasane i endrings- og utviklingsarbeid, og at det er viktig at organiseringsvariabelen handlar om noko meir enn prioritering av ressursar. I denne studien kjem det fram at system for tilpassa oppskrifter til dei einskilde gruppene med born var viktig. Menyar for smøremåltida for variasjon i pålegget, og meny for varmmat var også nyttig organisering. Det same gjaldt kommunikasjon til foreldre/føresette om kosthaldet. Systema var med på å redusere behovet for auka ressursar, spontaninnkjøp og tid vart spart når bestillingsfrekvensen

på varmrettar var sjeldan og måltida alt var planlagde. I tillegg sikra det produktivitet sjølv om det kunne oppstå driftsvanskar fortløpande, som til dømes sjukdom, vikarar og liknande (R. Amdam, 2021, s. 25).

Viktigaste funn

Styrrar i barnehagen har gjennom ulike leiarroller imøtekome tilsette sitt ynskje om å bli ein Fiskesprellbarnehage. Ressurspersonar fekk delegert ansvar for endringsarbeidet med kosthaldet og var tett på prosessen. Ressurspersonane la til rette for mobilisering av alle tilsette gjennom Kokkekamp etter at dei og styrrar sjølv hadde delteke på Fiskesprellkurs. Vidare at den kritiske overgangen frå mobilisering til organisering vart ivareteken gjennom å gje ressurspersonane tid til å planlegge måltid, utarbeide system for varmrettar og smøremåltid og informasjon til føresette. På denne måten fekk dei tilsette eigarskap til endringane.

Oppsummert i tabell 9 er funna som vert tatt med vidare i drøftinga. Teorigrunnlag er *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151) og *Leiarrolla etter funksjon* (Strand, 2007, s. 434):

TEORI	EMPIRI
Kontekst <i>Entreprenørskap</i>	Nasjonal satsing på kosthald, handlingsplan og Fiskesprell Fylkeskommunen viktig for styrrar Barnehagen utarbeida intern retningsline for mat og måltid Forankring hos styrrar med overordna ansvar
Mobilisering <i>Integrasjon</i>	Fleire Fiskesprellkurs nyttig Intern mobilisering - Kokkekamp Styrrar viktig for intern mobilisering
Organisering <i>Administrasjon</i>	Ressurspersonar delegert ansvar Matgruppe Styrrar la til rette for ressurspersonane
Gjennomføring <i>Produksjon</i>	Barnehagen lukkast med endra kosthald Styrrar kjøpte inn kjøkenutstyr til kvar avdeling
Læring	Matgruppa/ressurspersonane vidareutvikling, involverte dei tilsette

Tabell 9: Viktigaste funn i barnehage 1

Barnehage 2

Offentleg barnehage på Sør-Austlandet med 12 tilsette.

Gradvis endring og ønske frå ulike hald

Barnehage 2 hadde vore MER barnehage sidan 2009. Det betyr at borna fekk frukt og grønt til måltida. Rundt 2011 starta fokuset med å redusere på sukkerinntaket. Dei innførte at borna fekk servert noko usunt som til dømes bolle, kake eller ein godtepose av nissen til jul kun fem gonger i året. Bakgrunnen for denne satsinga var eit kommunalt samarbeid om sunne barnehagar med sunt kosthald parallelt med at heile personalet deltok på Fiskesprellkurs. Barnehagen endra bursdagsfeiring frå usunn kake til ein kjekk aktivitet/leik og mat som fruktspyd, fruktfat eller smoothie som bursdagsbarnet valde. Bursdagsbarnet fekk også eit eple forma som ei vakker svane; veldig fint pynta. Dei andre borna fekk vanleg frukt, og gledde seg til det var deira tur til å få «svaneapple».

Denne barnehagen var «nisteboksbarnehage» fram til barnehageåret 2014/2015, det vil seie at borna hadde med all mat sjølve heimanfrå og ingen måltid vart servert. Dei fleste barnehagane i kommunen hadde endra til «fullkostbarnehage», som betyr at barnehagen serverte alle måltid. Den største motivasjonen for endring til «fullkostbarnehage» var at foreldregruppa ytra eit sterkt ynskje om det. Utifrå eit konkurranseomsyn hadde det å endre til «fullkostbarnehage» mykje å seie for foreldra, at dei slapp å smøre niste. Personalet ynskte også dette, fordi nokre born hadde veldig einseitig kosthald med søtt pålegg som syltetøy eller Nugatti. Når dette vart teke opp med foreldra meinte dei at bornet ikkje ville ete elles, og det viktigaste var at bornet fekk i seg noko enn ingenting. Frå eit styrarperspektiv var det å kunne fylgje nasjonal retningsline for kosthald i barnehagen ynskjeleg.

Analyse - kontekstvariabelen

Alle organisasjonar har ein kontekst. Rammene til barnehagen innan kosthald er både lover og regelverk (Barnehageloven, 2005; Departementene, 2017; Folkehelseloven, 2011; Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv, 1995; Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, 2017; Helsedirektoratet, 2018b). Som «nisteboksbarnehage» er ulikskap i kosthaldet mellom barnehageborna større, og trass dialog med føresette vart ikkje kosthaldet til borna tråd med nasjonal retningsline for kosthald i barnehagen. Ved å endre til «fullkostbarnehage» serverer barnehagen alle måltid, og det vert likt for alle borna. Barnehagen sikrar eit godt og sunt kosthald for borna, og bidreg til å utjamne sosial ulikskap i kosthald. At dei andre barnehagane i kommunen endrar til «fullkostbarnehage» og

konkurransesynet påverkar også, og fordelene dette gjev for foreldra. Endringane har ikkje skjedd over natta, men gradvis ved å bli MER barnehage i 2009, og i 2011 endre til sunn bursdagsfeiring. Den kommunale satsinga kan også sjåast som del av konteksten i denne samanhengen (R. Amdam, 2011, s. 117–135). Ynskje frå føresette og tilsette om å bli «fullkostbarnehage» kan sjåast som del av ressursmobilisering innanifrå og er eit nedanifrå- og-opp-engasjement (R. Amdam, 2011, s. 85–86).

Fiskesprellkurs

Innhaldet i Fiskesprellkursa har vore viktig ved at faktakunnskapen som er udiskutabel har vore viktig å få på plass, også det med felles verdiar eller tankesett i høve korleis dette skal vere. Når tilsette får ei positiv oppleving på opplæringskurs, så set det i gong nokre tankeprosessar knytt til fagprofesjonen. Faktakunnskapen gjev tyngde bak val ein tek og fagleg fokus uttrykte ein av informantane.

Barnehagen har delteke på tre Fiskesprellkurs, og opplever at det har vore nyttig. Det å delta på kurs har gitt høve for å «hente opp» nyttilsette på ein god måte. Tilsette som har delteke tidlegare har fått nyttig repetisjon, sidan nye element har kome til siste åra som mat- og måltidsglede, berekraft og vegetarmat. Dette kan gi ny giv for tidlegare kursdeltakarar. Samansetninga i personalgruppa spelar også inn. Dersom ein er på kurs med fleire som er «negativt innstilt», så vil det påverke eigen evne til å «omfamne» målet.

Barnehagen opplevde at nokre i personalet var kritiske til endringa i høve kor ressurskrevjande det ville bli. Ein vaksen måtte stå på kjøkenet heile tida, og det kom til å kaste vekk mykje tid som ein kunne nytta på andre meningsfulle aktivitetar saman med borna i staden.

Ein informant formulerte det slik: «Det er ingen som gjer seg vanskeleg for å gjer seg vanskeleg. Det er no fordi at ein tenke at det vil gjer at vi får eit feil fokus.»

Barnehagen hadde prosess for å få forståing for kva motstanden bestod i. Styrar lytta for å kartlegge motstanden og kor stor den var. Det viste seg at ikkje alle hadde motstand til endringa, men det var ein eller to som snakka veldig høgt om det. Gode rutinar for korleis ein skulle få det til vart laga og prøvd ut. Mellom anna fann dei tilsette ei løysing i fellesskap som gav rom for matlaging, men også andre aktivitetar. Rutinane vart evaluerte, men framleis

uttrykte nokon at det ikkje var så greitt. Styrar bestemte då at «slik gjer vi det». Ein såg at endringane i kosthaldet gav positive ringverknadar også. Barnehagen fekk luka ut ein del usunn mat og utvida kva omgrepet mat handla om, ikkje berre ernæring, men at det også kan romme forming, leik, finmotorikk, grovmotorikk. Barnehagen kombinerte sin natur- og friluftprofil med mat gjennom å lage eigen grønsakhage, plante epletre, jordbærplantar og ripsbusker. I tillegg til å innleie samarbeid med bondenaboen som hadde potetåker ved barnehagen. Barnehagen samarbeida også med bondelaget, så borna har delteke på slakting av gris og stutt og får sjå kvar maten kjem ifrå. På denne måten har barnehagen utvida matperspektivet til å vere mykje meir enn berre å ete, og då opplever ikkje personalet at det tek tid på same måte fordi det gir noko også. Det vert ein pedagogisk arena der ein ser at ting heng saman, og alt heng saman med alt.

Innhaldet av Fiskesprellkurset starta endringa av kosthaldet i barnehagen, og har vorte vidareutvikla gjennom eit pilotprosjektet som også har inkludert samarbeid med Matjungelen. Tidlegare var det også ein ressursperson i barnehagen har hatt ansvaret for mat og måltid i barnehagen, men etter pilotprosjektet så vart det lagt meir i den oppgåva som til dømes det å jobbe med mat og måltid som ein verdiskapande aktivitet. Arbeidet er forankra hos styrar som gir tid og rom for arbeidet ressurspersonen gjer og det vert verdsett.

Andre effektar av Fiskesprellkurset som kom fram i spørjeskjemaet var omsynet til enkeltindivid (allergi, religion, livssyn og tilpassa diettar) som er tidkrevjande og utfordrande. Barnehagen krev legeerklæring som dokumenterer allergiar. Dersom det er allergiar i ei barnegruppe vert menyar valt som tek omsyn til dette. Det kan enkelt gjerast ved å bytte ut produkt som bornet er allergisk mot slik at mattilbodet vert så likt som mogleg for alle born. Dette er med på å inkludere.

Analyse

Faktakunnskapen som dei tilsette lærer på Fiskesprellkurset er ein del av at dei tilsette identifiserer utviklingstrekk og utfordringar og finn strategiar for korleis dei i fellesskap skal jobbe med dette i barnehagen (R. Amdam, 2011, s. 136, 141, 142). Deltaking på fleire kurs og ulike kurs (Matjungelen) har vore ein fordel, då mobiliseringa er «...ein kollektiv læringsprosess der enkeltindivid deltek» (R. Amdam, 2011, s. 143).

Det kan sjå ut til at styrar møter motstanden frå personalet først i leiarrolla som *integrasjon* og kommunikativ tilnærming ved å vere open og lytte for å forstå. Styrar la til rette for medverknad i utarbeiding av rutinar. Dette kan sjåast som leiarrolla *administrasjon*. Når det framleis var motstand kan det sjå ut til at styrar har leiarrolla *produksjon* og ei instrumentell tilnærming ved å «skjere igjennom» og bestemmer at endringa skal gjennomførast (Strand, 2007, s. 433). Evalueringa av rutinane kan sjåast som del av erfaringslæring der ein prøvar og feilar innan gjeldande verdiar (R. Amdam, 2005, s. 163). Løysinga med matlaging fast ein dag i veka er del av erfaringslæring og rutinelæring. Dei tilsette har kome fram til ei løysing som gir tid til andre aktivitetar, slik det inngår i eit fast handlingsmønster (R. Amdam, 2011, s. 181–184).

Endringa i kosthald og utvidinga av kva omgrepet mat handlar om, syner til effektane/verknadane dette kan gje og kan sjåast som del av effektivitet i modellen til R. Amdam (2021, s. 26), som handlar effektar av produksjonen når den produserer det *rette*. Når tilsette opplever at eit utvida matperspektiv gjer at kosthald og måltid ikkje stel tid frå andre pedagogiske aktivitetar, men at dette også er ein pedagogisk arena og at alt heng saman med alt, då har barnehagen fått auka kapasitet (outcome) (R. Amdam, 2021, s. 26). Barnehagen har også meistra å kombinere natur- og friluftprofilen med mat. Dei har dyrka ulike frukt og bær i eigen hage og har samarbeid med nabogardbrukar og fremjar grunnleggande verdiar som berekraft. Sjølv om dette er resultat som både er vanskeleg å måle og dokumentere er det ikkje mindre viktig enn produktivitet (output) og effektivitet (outcome). Det er subjektive opplevingar som informantane har formidla. Dette kan sjåast som ein del av kvalitet (impacts), og at den er noko betra (R. Amdam, 2011, s. 55, 2021, s. 26).

Innkjøp og system

Det har vore jobba for felles innkjøpsrutinar for mat i barnehagane i kommunen, for å oppnå likskap og stordriftsfordelar, men alt er satt på vent på grunn av Covid-19 pandemien. Slik det er i dag, så bestiller ressurspersonen kvar eller annakvar veke, og ser til at alt dei treng er på plass. Hotellbrett med pålegg vert bestilt, som tubar med Kaviar og Makrell i tomat og ferdigskjært ost sjølv om det er noko dyrare. Pålegget vert fordel i 3-5 påleggsboksar slik at kvar gruppe har kvar si boks med pålegg. Kvar gruppe har ei større boks som inneheld ulike typer pålegg. Når denne vert henta i kjøleskapet er alt pålegget for gruppa kome på bordet. Ein hentar brød og knekkebrød, mjølk og vatn, og det er klart for måltidet. Barnehagen har to kjøleskap, eit for langtidslagring og eit for dagleg bruk.

Analyse

Felles innkjøpsrutinar for barnehagane i kommunen vil vere med å gje konteksten for barnehagane betre økonomiske rammer og dette er vidareutvikling av endringsarbeidet. System på kva ein bestiller, store kvanta, og fokus på minst mogleg matsvinn er også noko som påverkar økonomien. Det same gjeld korleis borddekking vert skildra, og korleis ein har redusert tida brukt på dette, ved at gode system er på plass og kan sjåast som del av organiseringsvariabelen (R. Amdam, 2011, s. 91–93).

Fokus på måltidet

Barnehagen har hatt fokus på korleis dei gjennomfører eit måltid. Det skal vere fokus på å sitje saman og måltidsglede. Gjennom eit pilotprosjektet har barnehagen laga menyar og ei liste over matvarer som er tilrådd. Lista er utarbeida av ressurspersonar i barnehagane, og er forankra i dei nasjonale kostråda. Fokus, slagord og visjon i pilotprosjektet var matglede og rørsleglede.

Barnehagen har også funne system som har effektivisert gjennomføring av måltid med resultat å ha meir tid til verdiskapande aktivitet. Alle tallerkenar, koppar og knivar som kvar enkelt nyttar står i oppvaskbakkar, slik at alle borna hentar kvar sitt og set det tilbake på plass etter måltidet. Oppvaskbakken går i oppvaskmaskina, og både brukt og ubrukt servise vert vaska. Ved å gjere det på denne måten så er borna med å både dekke på og rydde av bordet, og oppvasken går fort og greitt.

Barnehagen erfarer at born et sunt pålegg så lenge det er likt for alle borna. Det er mogleg når barnehagen serverer alle måltid, som ein «fullkostbarnehage» gjer. Tidlegare, då borna hadde med all nistemata sjølve heimanfrå kunne det vere at sidemannen ved bordet hadde Nugatti, og då var det nok fleire som mista lysta på leverpostei. Sunt kosthald var ei større utfordring då dei var «nisteboxbarnehage».

Analyse – organiserings- og gjennomføringsvariabelen

Gjennomføring av måltid krev at gode system er utarbeidde. Det kan sjå ut til at ressurspersonar for kosthald og måltid er ei nyttig delegering som gjer det enklare for dei tilsette å gjennomføre måltida med fokus godt samvær og måltidsglede. Ikkje minst er organisering av dekking og rydding av bord før og etter eit måltid effektivt. Borna deltek

aktivt. Dette sparer dei tilsette for mykje tid, og det same gjer det å ikkje ha servise i skap, men at det står i oppvaskbakken (R. Amdam, 2011, s. 152–175).

Viktigaste funn

Uthald og motivasjon hos styrar har vore viktig, fordi pedagogiske leiarar har vore mest kritiske til endringa. Fordelen med dette er at dei er flinke til å legge fram gode faglege argument, og det vert gode faglege diskusjonar og då vert det bra til slutt. Å lytte til kritikarane, sortere og bli einige om kva partane kan «fire på» for å bli einige er viktig. Til sjuande og sist så er det kva som er bra for borna som betyr noko. Endringane skal kome borna til gode, men alle kan ha ulikt syn på kvar vegen dit går, og kva ein skal bruke tida på. Utarbeiding av rutine, utprøving og evaluering av dei har vore viktig, i tillegg til å utvide matperspektivet.

Det har vore viktig med barnehagenettverk i kommunen som inspirerte til å prøve nye ting, og opna for å dele erfaringar. Nokre barnehagar har laga fine permar med menyar ilag med borna. Erfaringsutveksling har vore nyttig og å sjå korleis andre har lagt til rette for matglede. Mat som pedagogisk aktivitet har hatt refleksjonsoppgåver som ein har måtte førebu seg til, og så delt i nettverket. Dette vart gjort gjennom eit kommunalt samarbeidsprosjektet for alle barnehagane; oppgåver var laga knytt til fagområda i rammeplanen.

Oppsummert i tabell 10 er funna som vert tatt med vidare i drøftinga systematisert.

Teorigrunnlaget er *Ein generell produksjons- og styringsprosess* (R. Amdam, 2021, s. 25), *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151) og *Leiarrolla etter funksjon* (Strand, 2007, s. 434):

TEORI	EMPIRI
Produktivitet /(output)	Endra kosthald
Effektivitet (outcome)	Effektar av utvida matperspektiv
Kvalitet /(impacts)	Effektar av samarbeid med lokale bønder
Kontekst	Lovverk Barnehagenettverk Pilotprosjekt
Mobilisering	Inspirert av barnehagenettverk Fiskesprellkurs Matjungelen Motstand mot endring
Organisering	Utarbeidde rutinar Ressurspersonar inn mot kosthald og måltid i barnehagen Påleggsboksar
Gjennomføring	På- og avdekking av bord, barna deltek aktivt
Læring	Evaluering på ulike nivå

Tabell 10: Viktigaste funn i barnehage 2

Barnehage 3

Privat barnehage i Midt-Noreg med 8 tilsette.

Barnehagen serverte alle måltid i barnehagen. Sidan barnehagen starta har brødbaking vorte prioritert. Dette har vore opp til diskusjon og vurdert om ein skulle slutte med, men det vart bestemt å halde fram brødbakinga. Barnehageåret 2011 kom det veldig mange små born, og då vart nisteboks til frukost innført. Det vil seie at borna hadde med mat heimanfrå til frukost i barnehagen.

Eit prosjekt gjev fokus

Eit samarbeidsprosjekt med ei kommune der barnehagen hadde livsmeistring og helse som satsingsområde, gjorde at barnehagen ville ta tak i frukostmåltidet. Bakgrunnen for dette var at dei tilsette såg stor variasjon i nisteboksa til borna. Nista kunne vere frå «veldig spanande» til «trist og usunn» med mykje sukker. Målsettinga til barnehagen i samarbeidsprosjektet var å vere inkluderande vaksne, at alle borna skulle bli sett og å få ein god start på dagen med eit

sunt og godt måltid. Gjennom samarbeidsprosjektet gjekk barnehagen tilbake til å servere frukost, og atmosfæren kring eit godt og variert frukostmåltid vart lagt stor vekt på. Det skulle vere ei god oppleving å ete saman.

Fiskesprellkurs i barnehagen med alle tilsette vart inkludert i prosjektet, fordi kursa var eit godt tilbod til barnehagetilsette. Det var viktig at heile personalgruppa deltok slik at alle vart medvitne på eit sunt kosthald og å nytte meir fisk. Det vart uttrykt av informantane at når to personar i barnehagen reiser på kurs, så er det vanskeleg å få med heile personalgruppa.

I barnehageåret dei hadde prosjektet, var det også kokkegruppe fast ein dag i veka på ei avdeling, og det vart laga varmrett med fisk.

Barnehagen skal ha varmrett ein dag i veka, men laga ikkje menyplan for desse måltida. Med ein friluftprofil var barnehagen mykje på tur, og grønsaksuppe vart ofte laga. Borna vart inkluderte ved at dei var med å kuttar grønsaker.

Tidlegare hadde barnehagen ein sunn varmrettsmeny som bursdagsbarnet kunne velje ifrå, men dette vart gått vekk ifrå. Ei mogleg årsak til dette var utskiftingar i personalet, og kosthaldet har siste åra vorte litt personavhengig. Dermed kan det kome an på kva pedagogisk leiar er vand med, sjølv om barnehagen hadde noko føringar på dette. Det kan også an på ressursane innan personalgruppa. Tidlegare var ein tilsett veldig god på å lage fiskekaker og besteforeldre leverte fisk til barnehagen, då vart det oftare fiskemåltid. Rammene som borna kunne medverke innan, var noko meir avgrensa innan det sunne for småborn enn større born.

Fleire år på rad var 17. mai menyen i barnehagen alltid fisk som lakseburger eller ovnsbakt laks, bær og frukt med kesam. Barnehagen har prøvd å vere merksam på mat som høyrer til årstidene når det er markeringar, som grønsaksuppe på haustfestane.

Når foreldre er opptekne av kva barnehagen serverer borna, så vil barnehagen gjerne imøtekome ynskja til foreldra og vert ekstra på alerten.

Barnehagen laga eigen mat til born som trong omsyn av ulike grunnar, og laga mat som alle kunne ete.

Hinder for endring har vore fleire, frå fysisk utforminga av barnehagen til haldningar hos dei tilsette om at fisk er dyrt.

Analyse

Samarbeidsprosjektet kan sjåast som ein del av mobiliseringsvariabelen, der barnehagen orienterer seg i eigen situasjon og peikar ut frukostmåltidet som innsatsområde.

Fiskesprellkurs er med på å mobilisere dei tilsette gjennom å få auka teoretisk og praktisk kunnskap, og at dei vert samde om korleis dei ynskjer å ha det. Barnehagen opplevde betre forankring hos dei tilsette når heile personalgruppa deltok saman (R. Amdam, 2011, s. 136).

For å setje den nye kunnskapen i prosjektet ut i handling, vart ei kokkegruppe organisert til ein fast dag i veka, og fokuset var på kortsiktig ressursinnsats. Barnehagen har ikkje utarbeida menyplan for varmmåltida. Det viser seg at kosthaldet i barnehagen er personavhengig, men at føresette kan påverke at barnehagen har auka fokus på sunnare kosthald. R. Amdam peikar på at overgangen frå mobilisering til organisering er kritisk, noko denne barnehagen syner eit godt døme på (R. Amdam, 2011, s. 152–153).

Barnehagen kan betre kosthaldet

Barnehagen har eit potensial for å forbetre kosthaldet slik at det ikkje berre får periodevis fokus og prioritering. Informantane gav uttrykk for at planlegging er vegen å gå. Når ein skal ha mat på tur og det ikkje er planlagt, tek ein gjerne noko enkelt frå skapet, men når det er planlagt, kjøpt inn og klart, så er det enkelt å fylgje planen. Så det handlar om god planlegging. For å få gjennomført ting så må ein ha gode planar og setje av tid til det, og så gjennomføre det på ein god måte. Etter deltaking på kurs, der ein har vorte inspirert, så vert dette innarbeida i planane til barnehagen. Ein del av dette er også å bli betre på oppskrifter som er tilpassa barnegruppa.

Innkjøp av matvarer skjer ein gong i veka, men det som vert kjøpt inn inngår ikkje i ein plan. Dersom den som bestiller matvarer kan få ei bestillingsliste, og at planen for kva ein skal lage framover er klar, så er det lettare.

Organisering er også ein faktor som verkar inn. Kor mange vaksne det er, og korleis romslegheita er for å kunne ta små grupper ut for å lage mat. Korleis barnegruppa er spelar også inn, om det er fleire som har opplegg med spesialpedagog og organisering i høve andre aktivitetar.

Oppfølging etter Fiskesprellkurs kan vere til hjelp for barnehagen i endringsarbeidet, at kurshaldar kjem på personalmøte året etter kurs og får ein status på kosthaldet.

Tilsette i barnehagen har vore på digitalt nettkurs med Matjungelen Barnehage, som er eit verktøy for å inspirere barnehagar med mat- og måltids glede. Barnehagen ynskjer å ta dette i bruk.

Analyse

«[...] utviklingsarbeid er ein kontinuerleg prosess og eit komplisert arbeidsområde» (R. Amdam, 2011, s. 129). Variablane i kapasitetsbyggjande utviklingsarbeid verkar gjensidig på kvarandre. I denne prosessen må variablane vere stabile eller veksande for å bygge kapasitet over tid. Det er viktig at den svakaste variabelen vert stimulert og at alle er rimeleg sterke. Som vi ser av empirien i barnehage 3, så er organiseringsvariabelen svak og treng å styrkast (R. Amdam, 2011, s. 130). Med ein sterk organiseringsvariabel vil ikkje kosthaldet i barnehagen vere personavhengig.

Viktigaste funn

Tilsette i barnehagen vert inspirerte og mobiliserte til eit sunnare kosthald av interkommunalt samarbeidsprosjekt og Fiskesprellkurs, men opplever kortvarig effekt.

Organiseringsvariabelen er svak, og som R. Amdam peikar på så ser vi her kvifor overgangen frå mobilisering til organisering er så viktig.

Oppsummert i tabell 11 er funna som vert take med vidare i drøftinga systematisert.

Teorigrunnlaget er *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151) og *Leiarrolla etter funksjon* (Strand, 2007, s. 434):

TEORI	EMPIRI
Kontekst	Lovverk Interkommunalt samarbeidsprosjekt
Mobilisering	Fiskesprellkurs i eigen barnehage
Organisering	Ikkje menyplan
Gjennomføring	Kosthaldet personavhengig
Læring	Lite evaluering

Tabell 11: Viktigaste funn i barnehage 3

5. Drøfting

Dette kapitlet drøfter funna frå analysen av empirien på basis av utvalt og omtalt teori. Barnehagane i studien gjev ei heilskapleg framstilling av fenomenet som vert studert, og søker å svare på problemstillinga: Korleis har barnehagar lukkast med endringsprosessen knytt til kosthald og måltid etter Fiskesprellkurs, og i kva grad kan endra kosthaldspraksis føre til betre effektivitet og kvalitet?

Modellen *Variablar i endringsprosessar* (R. Amdam, 2005, s. 151) gjev strukturen i drøftinga, og er nytta for å forstå kva som har fremja og hemma endringsprosessen av kosthaldspraksis i barnehageorganisasjonen. *Leiing som funksjon*, etter Strand (2007, s. 433–534), er inkludert i dei respektive variablane. Dei viktigaste funna frå empirien vert drøfta kontinuerleg knytt til variablane i endringsprosessar. Avslutningsvis er modellen *Ein generell produksjons- og styringsprosess* (R. Amdam, 2021, s. 25) nytta, for å forstå i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen.

5.1 Variablar i kapasitetsbyggande endringsarbeid

Konteksten for endringsarbeidet

Barnehageverksemda vert regulert av barnehagelova, rammeplanen for barnehagen og forskrift om miljøretta helsevern i skular mv. Det er lovfesta at barnehagen skal vere helsefremjande, og er grunnleggjande og retningsgjevande for den daglege drifta av barnehagen. Det er ei tydeleg regulering ovanifrå (2005; 2017). Føringane for kosthald og måltid i barnehagen med krav og støtte utanfrå, er del av ei ovanifrå-og-ned-tilnærming (R. Amdam, 2011, s. 86; Departementene, 2017; Folkehelseloven, 2011; Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv, 1995; Helsedirektoratet, 2012a, 2018b). Dette dannar rammene for endringsarbeidet, der handlingsplan for betre kosthald i befolkninga (2017) og nasjonal fagleg retningsline for mat og måltid i barnehagen (2018b) også inngår.

Utviklingsprogram som implementeringskjede (figur 4) syner korleis nasjonal satsing ovanifrå påverkar dei ulike nivåa (R. Amdam, 2021, s. 56; Departementene, 2017; Helsedirektoratet, 2012a). Kosthaldsundersøkingar syner store sosiale skilnadar i kosthald også hjå born og unge (Departementene, 2017, s. 16). Godt folkehelsearbeid utjamnar sosial ulikskap i helse (Helsedirektoratet, 2018c). Barnehagar er ein viktig bidragsytar innan

folkehelsearbeid, og kan bidra ved å legge til rette for gode og sunne mat- og måltidsvanar (Departementene, 2017, s. 29). Gjennom nasjonal satsing får Fylkeskommunane i oppgåve å gjere noko for å løyse utfordringa. Verkemiddel Fylkeskommunen rår over er mellom anna Fiskesprellkurs. Empirien syner korleis Fylkeskommunen sitt arbeid påverkar kontekstvariabelen lokalt. Når rådgjevar i Fylkeskommunen deltek på møte med barnehagestyrarar i kommunen, er dette ein del av kontekstvariabelen for barnehageorganisasjonen, men del av gjennomføringsvariabelen for Fylkeskommunen (R. Amdam, 2021, s. 56). Fylkeskommunen har vore god støttespelar med viktig støttefunksjon knytt til endring av kosthald i barnehagen, ved å setje tema på dagsorden. Den har formidla oppdatert kunnskap på utfordringar og moglege løysingar, i tillegg til innspel på kva rolle barnehagen kan ha og ta i arbeidet. Dette er ein måte Fylkeskommunen kan hjelpe styrar til å sjå moglegheitene for utviklingspotensial i ein kvardag som kan vere hektisk og med fullt fokus på drift. Dette styrkar kontekstvariabelen på lokalt nivå. Sjølv om Fylkeskommunane får i oppgåve å løyse utfordringa med dei verkemiddel dei rår over, så syner empirien ulik prioritering og korleis dette kan påverke lokal kontekst. Ei Fylkeskommune som ikkje prioriterer å få kosthaldet i barnehagen på dagsorden, styrkar ikkje legitimiteten til styrar. På den måten kan Fylkeskommunen hemme endringsarbeidet trass delegert oppgåve frå overordna styresmakter.

Leiing handlar om menneskelege relasjonar «og korleis leiar påverkar dei tilsette gjennom kommunikasjon, avgjerder og [...] handlingar» (R. Amdam, 2021, s. 18). Leiarrolla som *entreprenørskap* i organisasjonen er viktig i kontekstvariabelen, fordi styrar her stiller seg aktivt til omverda, grip moglegheitene og tek det med tilbake til organisasjonen (Strand, 2007, s. 434). Fylkeskommunen kan sjåast som del av omverda og vil påverke om styrar har noko å ta med tilbake i organisasjonen som drøfta over.

Kulturen i organisasjonen inngår også i kontekstvariabelen. Ynskje som personalet ytra om å bli «Fiskesprellbarnehage», er ein del av nedanfrå-og-opp-engasjement, og er eit ideal for endring- og utviklingsarbeid i organisasjonar. Sjølv om styrar var skeptisk, så vart dette møtt med at dersom dei skulle bli «Fiskesprellbarnehage» så skulle dei gjere det skikkeleg. Dette er ein del av rammene som organisasjonen sjølv set for endringsarbeidet, og det vart mellom anna utarbeida interne retningsliner for mat og måltid i barnehagen (R. Amdam, 2011, s. 18, 86).

Det var også funn i empirien at prosjekt og pilotprosjekt knytt til utviklingsarbeid med kosthald har vore til god hjelp for å få arbeidet på dagsorden i barnehagen. Prosjektorganisering har vore til hjelp så lenge prosjektet har vart. Men det viser seg, at sjølv om ein har gjennomført eit prosjekt, så er det ikkje sikkert prosjektet har ført til endring utover prosjektperioden. Dette får vi sjå seinare i drøftinga under organiseringsvariabelen (R. Amdam, 2011, s. 88).

Mobilisering av dei tilsette

Mobiliseringsvariabelen handlar om å setje noko på dagsorden ved at fleire personar kjem saman for å auke kunnskap, justere visjonar og utvikle strategiar (J. Amdam & Amdam, 2000, s. 188,198). Fiskesprellkurs er ei slik samling av personar som gjev auka kunnskap om utviklingstrekk og utfordringar knytt til kosthaldet til born i barnehage. Kursdeltakarane vert kjent med korleis barnehagen kan vere del av løysinga på utfordringane.

I denne studien har barnehagane delteke på Fiskesprellkurs som Ipsos (2020, s. 75) tilrår. Eit viktig funn frå spørjeskjemaet var at fleirtalet av kursdeltakarane opplevde å få auka kunnskap om både kosthald og måltid i barnehagen, og tilbakemeldinga på sjølve kurset var for det meste positiv. Kurset stimulerte altså til auka kunnskap og felles forståing for utfordringar kring kosthaldet til born. Dette kan skape endringsvilje hos dei tilsette i organisasjonen (R. Amdam, 2021, s. 114).

Eit anna funn var at barnehagane hadde delteke på opptil fleire Fiskesprellkurs. Ein barnehage deltok første gong i 2009 med tre tilsette og styrar, og alle kom tilbake i barnehagen sær inspirerte. Det kan sjå ut til at styrar i leiarrolla som *integrasjon* har vore viktig for å starte endringsarbeidet allereie etter det første kurset. Styrar la til rette for intern mobilisering av dei tilsette i organisasjonen for å avlive fleire mytar, og skape felles oppfatningar og opplevingar der dei tilsette si tilknytning til endringsprosessen vart styrka (R. Amdam, 2021, s. 75, 83, 96; Strand, 2007, s. 433). Sannsynet for at endring i organisasjonen tek form aukar. Dette er med på å styrke mobiliseringsvariabelen, og det er viktig for det vidare endringsarbeidet (R. Amdam, 2011, s. 91). Det kan sjå ut til at det er viktig at alle tilsette vert mobiliserte for å endre kosthaldet i barnehagen, gjennom felles deltaking og oppleving saman. Om dette skjer ved at alle tilsette deltek på Fiskesprellkurs, eller om det vert tilrettelagt internt i organisasjonen i etterkant av at nokre få har delteke, ser ikkje ut til å ha så mykje å seie. Det

viktige er at leiarrolla til styrar tek i vare behovet i organisasjonen ved å legge til rette for at alle tilsette vert mobiliserte.

Ei anna side ved at barnehagane har delteke på fleire kurs er at nye tilsette får kunnskapen som allereie er i organisasjonen og som «gamle» tilsette kanskje tek for gitt. I løpet av dei siste 10-12 åra har også fokuset på kosthald og måltid endra noko fokus på nasjonalt nivå, slik som berekraft, mat- og måltidsglede (Departementene, 2017). Dette syner at mobiliseringa er ikkje er gjort ein gong for alle. Barnehagane har fått nye perspektiv på korleis jobbe med kosthald, noko som kan vere nyttig. På den andre sida, kan ein oppleve motløyse knytt til å ta inn stadig «nye» tilnærmingar om ein frå før har utfordringar med å endre kosthaldet.

Eit tredje funn er at barnehagane hentar inspirasjon frå fleire i endringsprosessen slik som Matjungelen og barnehagenettverk i kommunen. Pilotprosjekt knytt til kosthald og fysisk aktivitet i barnehagen, har samla ressurspersonar med delegert ansvar for kosthaldet i den respektive barnehage, i eit barnehagenettverk. Temasamlingar for barnehagenettverket har hatt oppgåver som kopla mataktivitetane til fagområda i rammeplanen for barnehagen (2017). Dette kan inspirere og støtte ressurspersonane i å halde temaet varmt og vidareutvikle det. I tillegg har erfaringsutveksling vore nyttig for vidareutvikling.

Eit fjerde funn er knytt til korleis styrar møter tilsette som har motstand til endring. Gjennom leiarrolla *integrasjon* lytta styrar til kritikarane for å kartlegge og forstå kva motstanden dreier seg om. Dette er også del av kommunikativ tilnærming (R. Amdam, 2011, s. 18, 2021, s. 75). Nokre pedagogiske leiarar var mest kritiske, og kom med gode faglege argument. Motstanden botna i andre faglege interesser. Dette er interessekonflikt i organisasjonen. Det vart gode faglege diskusjonar, og motstanden var verdifull i den forstand at styrar måtte kome med betre argument sjølv. Begge partar måtte fire på korleis ting skulle gjerast for å einast. Denne meiningsbrytinga kan stimulere organisasjonsbygging. I eit læringsperspektiv for organisasjonar er dette å rekne for djuplæring eller trippelkretslæring, gjennom aksept av verdimangfald og å einast om visjonar og strategiar (R. Amdam, 2005, s. 154, 163, 2011, s. 91; Strand, 2007, s. 434).

Det kan sjå ut til at barnehagane har hatt ein sterk mobiliseringsvariabel der Fiskesprellkurset gav ny kunnskap, avliva mytar, korleis styrar imøtekom motstand mot endring, semje blant dei tilsette om utfordringar og status, og kva arbeid ein må gjere. Gjennom mobilisering er

fellesoppfatningar om utviklingstrekk og utfordringar styrka, som igjen fører til engasjement og samhandling for endring og å nå mål ein er samde om. Ei vellukka mobilisering stimulerer til endring og danning i organisasjonsstruktur, -kulturar og -prosessar. Det dreier seg om å tolke, drøfte og erkjenne viktige utfordringar og utviklingstrekk. Men overgangen til organisering er kritisk (R. Amdam, 2011, s. 91, 136, 152).

Organisering av produksjon

For at organisasjonen skal meistre å omsetje dei nye erkjenningane frå mobiliseringa til ny praksis er det naudsynt å organisere produksjonen. Det er her utfordringa, ressursar for organisering, og det som er mogleg å gjennomføre møtast. Målet er at ei løysing på utfordringa vert produsert. Det handlar om kortsiktig ressursinnsats for å legge til rette for gjennomføring (R. Amdam, 2011, s. 152–159). Funn i empirien syner korleis ein sterk organisasjonsvariabel fremjar endringsarbeidet. Styrar, som gjennom leiarrolla *administrator* (Strand, 2007, s. 433), fordelte bruken av avgrensa ressursar innan satsingsområdet som det er semje om frå mobiliseringa. Ansvar vart delegert til ressurspersonar i organisasjonen som fekk på plass system og struktur for gjennomføring, men også utarbeidde intern kontekst for mat og måltid. Styrar har også lagt til rette for planleggingstid for ressurspersonane, som gjev rom for «prøving og feiling og for kontinuerleg organisering» (R. Amdam, 2021, s. 124). Kulturen i barnehagane var at dei tilsette skulle respektere avgjerdene til ressurspersonane. Dei tilsette hadde ulike ansvarsområde, og dei tilsette i barnehagen var einige om at det ressurspersonane bestemmer skulle respekterast av alle tilsette. Det kan sjå ut til at desse organisatoriske grepa styrkar variabelen og til ei viss grad sikrar den kritiske overgangen frå mobilisering til organisering. Måten menyplanane vart utarbeidde var i starten instrumentelt i den forstand at ressurspersonane planla og bestemte. Når systema fungerte godt kom det fram andre områder som var aktuelle at barnehagen jobbar med for å bli betre. Dette kan sjåast som del av fleksibel organisering, der organisasjonsstrukturen er lett å endre (R. Amdam, 2011, s. 156). Med gode system som organiserte produksjonen vart det høve å utvide det ein jobba med knytt til mat og måltid, eit døme var medverknad frå borna og «forslagskassa» som dei tilsette kan kome med innspel til ressurspersonane i.

Empirien synte også korleis styrar gjennom leiarrollene *integrasjon og administrasjon* (Strand, 2007, s. 433) har lagt til rette for at dei tilsette har laga mat saman og smakt på ulike rettar. Under dette arbeidet har det vorte vurdert korleis rettane kan tilpassast og utførast saman med borna, og ressurspersonane har teke dette med seg inn i arbeidet med organisering

av produksjonen. Ein informant uttrykte at det skjer noko på individnivå når ein får gjere det saman i praksis med kollegaer. Ikkje minst ved evaluering og drøfting av korleis gjere det saman med borna på avdeling, då vert kapasitet på individnivå bygd, noko som styrkar organisasjonen kollektivt. I eit læringsperspektiv er dette å rekne for erfaringslæring, og handlar om refleksjon kring systemet som produserer handlinga (R. Amdam, 2005, s. 156). Ein kontrast til dette var funnet i empirien om at dei tilsette vart vist video om korleis dei kan lage mat saman med borna. Deltaking og involvering er då ikkje erfaringsbasert, og individuell og kollektiv kapasitet vert i liten grad bygd.

Eit anna funn i empirien syner korleis ein svak organiseringsvariabel hemmar endringsarbeidet, ettersom i kapasitetsbyggjande prosessar er denne variabelen eit avgjerande bindeledd mellom mobiliserings- og gjennomføringsvariabelen (R. Amdam, 2021, s. 119). Denne barnehagen deltok i eit interkommunalt prosjekt, og hadde utviklingsarbeid knytt til frukost som innebar gjeninnføring av smøremåltid med fokus på sunn mat, variasjon og måltidsglede, og kompetanseheving. Fiskesprellkurs var noko barnehagen inkluderte i utviklingsarbeidet. Det kan sjå ut til at den nye kunnskapen som trong nye løysingar og gode system i organisasjonen, ikkje vart organisert for produksjon. Alle tilsette hadde ansvar for kosthaldet, og styrar i leiarrolla som *administrator* såg ikkje til at det vart jobba med å få på plass system og strukturar for gjennomføring. Når vi ser at styrar ikkje er tydeleg i denne rolla som organisasjonen har behov for, så hemmar dette variabelen (R. Amdam, 2011; Strand, 2007, s. 433). Under telefonintervjuet erkjende ein informant at planlegging/organisering og prioritering krevst for å lukkast med eit sunnare kosthald i barnehagen. Dei nye erkjenningane frå mobiliseringa vert altså ikkje organiserte for produksjon og lagt til rette for gjennomføring. Inspirasjon etter kursdeltaking har dermed kortvarig effekt på gjennomføring, og så lenge det ikkje var organisert med nye system og løysingar så er ikkje dette noko som varer over lengre tid. Dette illustrerer kvifor den kritiske overgangen frå mobilisering til organisering er så viktig for å lukkast med gjennomføring. R. Amdam (2011) påpeikar at variablane ideelt sett skal vere like sterke, og at den svakaste variabelen treng styrkast.

Gjennomføring av produktive tiltak

Denne variabelen handlar om å gjennomføre tiltaka, og er knytt til den daglege verksemda i organisasjonen. Her viser det seg om organisasjonen har kapasitet til å gjennomføre tiltaka som er naudsynte for ynskt utvikling. Funn i empirien syner korleis ressursane vert godt organisert ved å styre produksjonen og fremje produktiviteten (R. Amdam, 2011, s. 165). Det

er her endra handling kjem til syne. Leiarrolla til styrar er *produksjon*, der mål er sett og resultat skal drivast fram (Strand, 2007, s. 433). Måten gjennomføringa vart lagt til rette for på, sikra sunne og varierte måltid der borna deltok aktivt. Dei tilsette hadde auka kompetanse frå mobiliseringa og det var semje om å ha fokus på verdiskapande aktivitet under måltidet noko styrar hadde lagt til rette for gjennom kommunikativ logikk der dette hadde vore diskutert.

Det kom også fram i empirien at i prosessen med endringsarbeidet har ressurspersonane i matgruppa laga ei forslagskasse slik at dei tilsette kan gje tilbakemeldingar for å betre den organisatoriske praksisen. Erfaringar frå tilsette kan vere nyttig tilbakemelding til ressurspersonane som har ansvaret for å organisere produksjonen. I eit læringsperspektiv for organisasjonar er dette å rekne for rutinelæring som betrar sjølve gjennomføringsvariabelen.

I høve kosthaldet som blir servert i barnehagen, så var det funn i empirien på nærast to ytterpunkt. Det eine var personavhengig kosthald, der pedagogisk leiar og ressursane i personalgruppa sine preferansar bestemmer kosthaldet. Det andre hadde fjerna at den enkelte sin personlege smak prega kosthaldet i barnehagen. Rammene var i så måte firkanta, men det var eit medvite val dei tilsette har tatt saman. Fokuset var på det verdiskapande.

Dette fører oss over til modellen for produksjon- og styringsprosess (R. Amdam, 2021, s. 25) for å forstå mogleg verdiskaping ved endra kosthaldspraksis.

5.2 Moglege verknadar av endra kosthald i barnehagen

I dette delkapitlet vert det drøfta i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen. Trugslar for å lukkast med endring av kosthaldet i barnehagen er faktorar som hemmar endringsarbeidet, og nokre er alt drøfta i førre delkapitel.

Overordna styringsmakter har sørga for ein kontekst med top-down legitimitet knytt til kosthald. Barnehagesektoren har aksept for at kosthald vert jobba med spesielt. Legitimitet nedanifrå i barnehagen er viktig for konteksten av arbeidet i eigen organisasjon. Behovet for å endre til eit sunnare kosthald i befolkninga er tydeleg gjennom lovverk, forskrifter, stortingsmeldingar, handlingsplanar og kartleggingar (Barnehageloven, 2005; Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv, 1995; Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og

oppgaver, 2017; Helsedirektoratet, 2018b; Meld. St. 19 (2018-2019), 2019; Noregs sjømatråd, 2021). Dette behovet har relevans for mål som vert sette i barnehageorganisasjonen knytt til kosthald. Modellen *Variablar i endringsprosessar* (figur 3, s. 18) er alt drøfta i delkapitel 5.1., og vert her sett som del av den grå boksen for organisasjonar eller program i modellen *Ein generell produksjon- og styringsprosess* (figur 5, s. 21). Uttaket (output) er produktet i modellen, som her er kosthald og måltid i barnehagen. Måltidet er ein dagleg aktivitet i barnehagen. Når mat og måltid er ein pedagogisk arena, vert det jobba planmessig og systematisk med denne aktiviteten og dei tilsette har eit meir medvite forhold til kva og korleis maten vert servert. Rammeplan for barnehagen er sentral i dette pedagogiske arbeidet (2017; Helsedirektoratet, 2018b). Studien syner at den sosiale ulikskapen i kosthaldet til barnehageborna er størst når borna har med all mat heimanfrå, og ingen måltid vart servert i barnehagen. Ved å endre til at barnehagen serverer alle måltid, kan denne ulikskapen utjammast om kosthaldet er tråd med kostråda og nasjonal fagleg retningsline for mat og måltid i barnehagen (Helsedirektoratet, 2016, 2018a, s. 5, 2018b). Nokre utfordringar knytt til å endre kosthaldet i barnhagen har vi alt vore inne på. Dei økonomiske rammene som barnehagen har, kan vere ei utfordring. Det er likevel mogleg å finne løysingar på dette som til dømes gjennom samarbeid med storkjøkkenet på sjukeheimen i kommunen. Innkjøp i store kvanta er rimelegare og ein vinn-vinn for alle partar.

Legitimiteten nedanifrå i barnehagen kan både fremje og hemme arbeidet gjennom mellom anna haldingane i personalgruppa. Når dette vert fremja ser dei tilsette mat i eit utvida perspektiv. Dei opplever at kosthald og måltid ikkje stel tid frå andre pedagogiske aktivitetar, og barnehagen har då fått auka kapasitet (R. Amdam, 2021, s. 26). Dette er resultat (outcome) av *rett* produksjon. Organisasjonen har kapasitet til å utvide delmåla i arbeidet og aukar effektiviteten. Etablering av eigen grønsakhage, frukttre og andre bærsortar er noko endra kosthaldspraksis kan føre til. Det syner ei endra organisering av korleis det vert jobba med mat- og måltid som er målbar. Fleire av fagområda i rammeplanen er dekt (2017). Når tilsette i barnehagen er entusiastiske, nyfikne og ser moglegheiter, så vil dette smitte på borna i barnehage og skape eit stimulerande psykososialt miljø og dermed gje grunnlag for læring, meistring og vekst.

Når tilsette hemmar arbeidet kan dette opplevast som motstand i personalgruppa. Det er viktig at styrar ikkje overser denne motstanden, men går i dialog med dei tilsette der maktlikevekt

og mellommenneskeleg respekt er viktig for å lytte og forstå kva som er årsaka til motstanden (R. Amdam, 2011, s. 86).

Endringsprosessen må jobbast med kontinuerleg. Gjennom evaluering og læring ser ein om måla som er sette, er nådde og kva neste steg for å nå målet kan vere (R. Amdam, 2011, s. 184). Samarbeid med bondelag og bønder for læring og oppleving av frå «jord til bord» er måtar barnehagen har utvida kva mat og måltid handlar om og er verdiskapande. I modellen er dette å sjå som effektivitet (R. Amdam, 2021, s. 25–26). Kosthald vert ein pedagogisk arena der ein ser at ting heng saman, og at alt heng saman med alt.

Resultat i form av kvalitet er det impacts handlar om. Kvalitetar i det pedagogiske arbeidet til barnehagen fremjar verdiar (R. Amdam, 2011, s. 55). Berekraftig utvikling har vorte meir viktig og er grunnleggjande for samfunnsutviklinga. Grunnleggjande verdiar som berekraft kan bli fremja i barnehagen som til dømes å redusere matsvinn og auke bruk av lokalmat i tillegg til sjølvdyrking slik funn i studien syner.

I eit samfunnsperspektiv, når barnehagen produserer det som det er behov for, så vil det påverke folkehelsa til den komande generasjon. Det vil gje dei ein god grunnmur for helsa til borna, som må jobbast vidare med både i heim og skule. Det som ein lærer i barndomen er noko ein tek med seg inn i vaksenlivet (Helsedirektoratet, 2018b). Derfor vil det vere samfunnsøkonomisk at barnehagen lukkast med å produsere det *rette* innan kosthald. Barnehagen bidreg då med det den kan i dette tverrsektorielle samarbeidet som krevst for å møte behovet, som er eit helsefremjande kosthald. Dermed vil det på lengre sikt vere nyttig folkehelsearbeid at barnehagen lukkast i det lange løp med å produsere endre kosthald, og at effektiviteten går opp og ein kan jobbe betre med dette, fordi det handlar ikkje berre om inntaket av ernæring. Det handlar om fleire fagvinklingar etter rammeplanen (2017) når ein får innarbeidd gode prosedyrar.

Eit anna viktig punkt i eit samfunnsperspektiv er berekraftig matproduksjon, og også at ein får auka inkludering, eit større mangfald når ein jobbar godt og fått innarbeida prosedyrar med kosthaldet og det ein serverer. Når ein jobbar inn mot kosthald og måltid frå ulike perspektiv og vinklingar, får ein større variasjon og kan drage inn kosthald frå andre kulturar, noko som vil skape eit ytterlegare inkluderande miljø i barnehagen.

Fordelane ved å lukkast med å endre kosthaldet i barnehagen er tydeleg positive. Barnehagen kan bidra å utjamne den sosiale ulikskapen i kosthaldet hjå barnehageborn. Dette er viktig arbeid, og arbeidet treng både top-down og bottom-up legitimitet. Endring av politikken mot dårlegare kommuneøkonomi kan vere ein trugsel, då det kan påverke personalsituasjon. Belastninga som dette har på personalet kan føre til sjukmeldingar, og meir bruk av vikar som gjerne er ufaglærte. Eit alternativ kan vere at storkjøkenet ved sjukeheimen leverer ferdig mat til barnehagen, men trass eit sunt og variert kosthald (output) vil dette i sær s liten grad føre til betre effektivitet og kvalitet, som det denne studien har funne nokre barnehagar har lukkast med.

Barnehagen er sær viktig i folkehelsearbeidet knytt til barnehageborn sitt kosthald.

5.3 Refleksjon kring metodeval

I dette kapitelet vert refleksjon kring styrkar og veikskapar ved studien drøfta. Kapitelet sluttar av med framlegg til vidare forskning.

Val av metode

Problemstillinga er skildrande. For å forstå fenomenet i studien var det naudsynt å kome på innsida av barnehagar som har gjennomført Fiskesprellkurs tilrådde av Ipsos (2020, s. 75). Kvalitativ metode vart difor vurdert som mest eigna, fordi det ville gje best forståing og djupare kjennskap til fenomenet (Thagaard, 2018, s. 11, 15–16).

Det vart også vurdert som føremålstenleg å ta i bruk to ulike metodar for datainnsamling (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 151). Spørjeundersøking (survey) gav større breidde i datamaterialet. Spørjeskjema er oftast knytt til kvantitativ metode for å gje forklaring. I denne studien var ikkje forklaring eit mål, men kartlegging og innsikt i fenomenet frå fleire tilsette i barnehagen enn det kvalitativt intervju ville gi (Fekjær, 2016, s. 21). Spørjeundersøkinga la eit grunnlag for den andre metoden for datainnsamling, kvalitativt intervju (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 162). I ettertid ser masterstudenten at det kunne med fordel kunne vore utført pilotintervju som ei før-undersøking. Dette for å kartlegge sentrale aspekt ved tema og teste ut korleis spørsmåla i skjemaet vart oppfatta. Innsikta dette kunne gitt, ville vore til hjelp for å justere spørsmåla i spørjeskjemaet til å bli meir treffsikre og relevante, som i sin tur kunne styrka validiteten i studien (Halvorsen, 2008, s. 149; Kvale & Brinkmann, 2015, s. 151). På den andre sida har evalueringsrapportar og masteroppgåver som omhandla Fiskesprell vorte granska utarbeidinga av spørjeskjemaet (Grythe, 2020; Haaland, 2012; Ipsos, 2020).

Kvalitative intervju vart gjennomført over telefon grunna Covid-19 pandemien (Høgskulen i Volda, 2021). Føremålet med intervjuet var å forstå fenomenet frå informanten sitt perspektiv gjennom ei varsam spørje-og-lytte-orientert tilnærming. Intervjuforma var semistrukturert, så samtalen hadde både ein viss struktur og fleksibilitet. Sjølv om alle informantane fekk same intervjuguide på førehand, så vart denne ikkje følgd slavisk. Oppfølgingsspørsmåla var ulike, og kunne oppmode informanten om å gje konkrete og ytterlegare utfyllande skildringar. Til dømes fortalde ein informant om korleis barnehagen jobba med å lage utarbeide gode rutine, evaluering og justering av desse. Når rutinane vart gjennomførde nemnde informanten at dei såg det gav nokre ringverknadar. Masterstudenten ynskte meir konkret skildring av

ringverknadane, og følgde opp med spørsmålet «Positive ringverknadar, som for eksempel?» (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 21–22, 42; Thagaard, 2018, s. 95–96).

I ettertid ser masterstudenten at de hadde vore interessant med eit oppfølgingsintervju etter analyse for å undersøkje nærare spesielt i kva grad endra kosthald kan ha ført til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen. På den andre sida hadde dette kravd ytterlegare ressursar frå barnehagane, og det er ikkje sikkert dei kunne avsett.

Det var ikkje eit krav med individuelle intervju. Likevel var fire intervju individuelle på grunn av at det var problematisk med fleire borte frå avdeling på same tid, i tillegg til at intervju vart gjennomførde over telefon. Thagaard (2018, s. 92) skriv at intervjusituasjonen kan bere mindre preg av asymmetri mellom masterstudenten og informanten om intervjupersonen har kompetanse i kommunikasjon. Profesjonelle innan helsesektoren utviklar slik kompetanse i jobben, fordi dei må kommunisere med personar i utfordrande situasjonar. Masterstudenten har helsefagleg utdanning, og har jobba som både fysioterapeut og osteopat i fleire år. Ein informant uttrykte det slik etter gjennomført intervju: «Eg var usikker på om eg ville klare å snakke om kosthald i 45 minutt, men tida gjekk fort». Masterstudenten oppfatta dette som at det var god kontakt med informanten, og at samtalen flaut godt (Thagaard, 2018, s. 109).

Ein barnehage ynskte at informantane gjennomførte intervjuet saman. Masterstudenten fekk oppleve responsen informantane hadde på kvarandre sine synspunkt, og dette gav innsikt i ulike haldningar hos informantane (Thagaard, 2018, s. 92). Undervegs i intervjuet opplevde masterstudenten at eine informanten erkjende korleis barnehagen i større grad kunne lukkast med å fremje ein lengre effekt av kurset.

Masterstudenten vurderer val av metode for studien som godkjend.

Val av informantar

Ipsos (2020) fann utfordringar knytt til ressursar som handla om at det er behov for alt personalet i arbeidstida, og avgrensa høve til å sende tilsette på kurs. Det vart identifisert eit *mogleighetsrom* knytt til kursing av alle tilsette og barnehageborn for å forsere denne utfordringa. Denne studien er avgrensa til barnehagar som har delteke på Fiskesprellkurs som Ipsos tilrår (2020). Det var ynskjeleg å unngå barnehagar der masterstudenten sjølv hadde vore kursleiar grunna moglege bias. Bias i forskning er at resultat eller slutningar i ein studie er

feil (Denscombe, 2010, s. 83–85). Det var ynskjeleg at styrar og ressursperson innan kosthald i barnehagen var informantar i kvalitativt intervju. Spørjeundersøkinga gjorde at alle stillingsgruppene i barnehageorganisasjonen er representerte i datamaterialet.

Styrar var informant i denne studien, fordi styrar må stille seg både i høve omverda, eksogen utvikling eller top-down-tilnærming, og innetter i organisasjonen, endogen utvikling eller bottom-up-tilnærming (R. Amdam, 2021, s. 75). Styrar vart difor vurdert til å ha best innsikt i og erfaring med kva som mogleg kan ha fremja og hemma endringsprosessen. På den andre sida kunne kanskje barnehagefagleg rådgjevar vore ein interessant informant, men vedkomande ville ikkje hatt same detaljkunnskapane innetter organisasjonen som denne studien søkte.

Analyse av data

Konstruksjon av spørjeskjema og å meistre statistisk analyse på høgt kvalitetsnivå krev ekspertise opparbeida gjennom lang tids erfaring (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 152). Spørjeskjemaet vart i denne studien nytta for å få kartlegge tilsette sine oppfatningar, haldningar og opplevingar knytt til Fiskesprellkurs og endra kosthaldspraksis etter kursdeltaking (Fekjær, 2016, s. 21). Dette gav breidde i datamaterialet. Kvantitativ analyse etter formaliserte prinsipp er ikkje utført, men metoden er brukt fleksibelt med pragmatisk tilpassing (Kaiser, 2021). Det kan drøftast om dette har vore «rett» framgangsmåte, men i mangel på erfaring med kvantitativ analyse meiner masterstudenten at dette har vore nyttig metodekombinasjon. Det er stort sannsyn for at masterstudenten i større grad kunne vektleggde funn i spørjeskjemaet.

Omgrep kunne i større grad vore operasjonalisert. Det kan vere at dersom teori var bestemt før datainnsamling, så kunne omgrep i spørjeskjema og intervjuguide i større grad vore operasjonalisert.

Masterstudenten si personlege førforståing var at kurs i eigen barnehage med alle tilsette og borna, gjev Fiskesprell betre forankring og styrkar endringsarbeidet knytt til kosthald i barnehagen. Dette er type kurs som Ipsos (Ipsos, 2020) tilrår. På dette punktet fann denne studien at type kurs ikkje er avgjerande for endringsarbeidet i barnehagen, men at alle tilsette vert mobiliserte. Måten mobiliseringa skjer på ser ikkje ut til å ha så mykje å seie.

Masterstudenten har vore sær medviten om si personlege overtyding, spesielt under analyse av empirien, og har ikkje oversett dette funnet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 268). Det vert

vurdert til at førforståinga til masterstudenten ikkje har påverka analyse og resultat i denne studien (Denscombe, 2010, s. 85; Grønmo, 2021).

Metodekvalitet

Kvaliteten ved ein studie er påverka av metodevala, og om resultatata er til å stole på. Her vert validitet og reliabilitet i høve metodeval i studien presentert (Busch, 2013, s. 61).

Validitet eller gyldigheit er knytt til i kor stor grad vi måler det vi trur vi måler, så om data er valide i høve problemstillinga i studien (Busch, 2013, s. 62). Ein studie har tre validitetskrav. Det første er konstruksjonsvaliditet, som handlar om at data faktisk måler det teoretiske omgrepet som ein har tenkt å måle. Ved konstruksjon av spørjeundersøking og intervjuguide er det viktig å vere merksam på kor godt spørsmåla er eigna for dei teoretiske omgrepa vi vil nytte. Ein fordel med casesdesign er fleksibiliteten det gjev gjennom utvida forståing av teoretiske omgrep og operasjonisering undervegs i studien (Bukve, 2016, s. 99; Denscombe, 2010, s. 144). Føremålet med spørjeundersøkinga i denne studien var å kartlegge korleis tilsette i dei utvalde barnehagane opplevde nytten av Fiskesprellkursa for kosthaldet og måltida i barnehagen. Spørjeundersøkinga hadde flest faste svar, men også nokre opne. Dette gav rom for å innhente data som informanten meinte det var relevant at masterstudenten vart merksam på, og som ikkje ville blitt fanga opp dersom svaralternativa berre var faste. Dette gav eit godt grunnlag for utarbeiding av intervjuguide til kvalitative telefonintervju.

Det andre kravet er intern validitet, som handlar om i kva grad masterstudenten kan kontrollere variablar som påverkar resultatet. Dette er relasjonen mellom datamaterialet og teoretisk modell, og om rett slutning er trekt mellom årsakssamanhengar i datamaterialet; om kvaliteten på data, forklaringane og tilliten til at det stemmer overeins med det som er sant (Bukve, 2016, s. 100; Denscombe, 2010, s. 143). Det var eit medvite val å unngå barnehagar der masterstudenten var Fiskesprellkursleiar for å unngå bias. I tillegg har det vore sær s viktig å vere medviten om personleg førforståing om at type Fiskesprellkurs er avgjerande for om barnehagen lukkast med å endre kosthaldet. Dette er noko som tydeleg kjem fram i masteroppgåva. Analysen er grundig skildra, og er såleis transparent. Med utgangspunkt i innsamla empirisk materiale frå dei utvalde barnehagane er det sentralt at teoretisk modell kan gje forståing for fenomenet. Når interessante trekk ved data ikkje var dekt i valt teori, så vart relevant teori som femna om tema og koding inkludert.

Det tredje kravet er ekstern validitet og handlar om årsakssamanhengar i datamaterialet kan generaliserast til andre situasjonar, og om kor representativt datasettet er for fenomenet som vert studert (Bukve, 2016, s. 100). Problemstillinga og forskingsspørsmåla i studien er knytt til kva som har fremja og hemma prosessen med å endre kosthaldspraksis etter deltaking på Fiskesprellkurs, og i kva grad endra kosthaldspraksis har ført til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen. Dette kan mogleg overførast til anna endringsarbeid i barnehagen og eventuelt andre liknande organisasjonar med dei teoriane som studien er analysert i høve. Likevel er det viktig å understreke at data er avgrensa til det informantane gjev av opplysningar frå sine erfaringar og opplevingar. Studien vert derfor vurdert til å ha noko avgrensa generalisering.

Reliabilitet referer til målekvaliteten på metodane. Masterstudenten må vere sikker på at valt metode er konsekvent og ikkje gjev ulike mål. Dersom ulikskap i resultat ved bruk av same metode kjem fram, så representerer dette ein reell skilnad og ikkje upåliteleg metodebruk (Denscombe, 2010, s. 106). På denne måten handlar reliabilitet om studien er påliteleg. Det vil seie at dersom andre gjennomfører same undersøking igjen, og kjem fram til dei same resultata, så er studien påliteleg (Bukve, 2016, s. 101).

Bruk av metode for innsamling og analyse av data i denne studien er transparent.

Spørjeskjema som er utarbeida og nytta, har mest skriftelege påstandar, men også nokre opne spørsmål for å fange opp informasjon frå informantane som påstandane ikkje dekkjer.

Intervjuguiden vart mellom anna utarbeida på grunnlag av svara frå spørjeskjemaet. Resultata i studien er vurdert til å vere pålitelege ved at valt metode har hatt god kvalitet på målt data og er til å stole på. Likevel vil det vere sannsyn for at om ein annan forskar gjennomfører akkurat same studie, så kan det vere informantane gjev andre svar på spørsmåla. Årsaka til dette er perspektivet om at data vert utvikla i kontakt mellom masterstudent og informant. Kva forskar vektlegg kan vere ulikt og ber preg av korleis vi oppfattar det vi ser og høyrer (Thagaard, 2018, s. 188). Studien vert vurdert til å ha ok reliabilitet.

Framlegg til vidare forskning

Det vil vere interessant å studere korleis foreldre opplever verknaden av eit sunt kosthald i tråd med nasjonal fagleg retningsline i barnehagen har i eigen heim.

Det kan også vere interessant å studere nærare kva styrar treng for å kunne fremje ei endring i kosthaldspraksis i eigen barnehage.

Ikkje minst kan det vere spanande å studere meir inngåande i kva grad endra kosthaldspraksis kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen.

6. Konklusjon

Tilsette i barnehagen vert inspirerte og mobiliserte av Fiskesprellkurs. Fleirtalet av informantane i studien opplever å få auka kunnskap om mat og måltid i barnehagen og at det har vore nyttig for barnehagen. Etter kurs har barnehagen endra kosthaldspraksis, og serverer meir sjømat, grønnsaker og grovare brød/kornprodukt – eit meir helsefremjande kosthald. Barnehagen har også i større grad tilrettelagt for at borna medverkar i måltidsplanlegging og -førebuing. I tillegg har det vorte jobba meir systematisk med kosthald på avdelingsmøter og i kost- og årsplan. Utover dette har barnehagen i større grad fokus på smakssansane i tilnærminga til mat.

Likevel gav nokre av informantane tilbakemelding på eit forbettringspotensial, og at effekten av kurset berre varte ei tid etter deltaking for så å «gå tilbake til det gamle». Studien har funn som tyder på at årsaka til tilbakegangen kan vere svak leiing knytt til organiseringsvariabelen.

Endringar i organisasjonen er å rekne som mikrokrefter sett i høve dei eksterne makrokraftene i samfunnet (R. Amdam, 2021, s. 48). Ein god balanse mellom tilrettelegging frå overordna styresmakter gjennom krav og støtte som gjev top-down legitimitet, og ressursmobilisering i organisasjonen som gjev bottom-up legitimitet, i tillegg til styrar sin leiingsfunksjon, er avgjerande for å lukkast med å byggje kapasitet i barnehageorganisasjonen for å endre kosthaldspraksis etter deltaking på Fiskesprellkurs.

Lovverk, forskrifter, stortingsmeldingar og handlingsplanar, i tillegg til Fiskesprellprogrammet, gjev arbeidet top-down legitimitet. Utfordringa knytt til barn og unge sitt kosthald er erkjent. Som det kjem fram i empirien så er Fylkeskommunen sitt fokus på dette arbeidet ei viktig støtte for styrar i barnehagen ved å gje styrar oppdatert kunnskap om behovet for eit sunt kosthald og ulike måtar å jobbe med temaet på og vidareutvikle det. Dette igjen kan påverke dei interne prosessane i organisasjonen. Leiingsfunksjonen til styrar i dei respektive endringsvariablane kan fremje eller hemme endringsarbeidet.

Studien syner vidare at dersom nokre få tilsette deltek på kurs, så er det avgjerande at styrar legg til rette for at kunnskapen frå kurset når resten av personalgruppa slik at alle kan bli inspirerte og mobiliserte. Denne interne mobiliseringa kan fremje arbeidet. På kva måte dette vert lagt til rette for er også sentralt. Empirien syner at praktisk matlaging med alle tilsette er

nyttig for å lukkast med å avlive mytar i organisasjonen. Men sjølv om dei tilsette vert engasjerte, så er ikkje dette tilstrekkeleg for at barnehagen skal lukkast med å endre kosthaldspraksis.

Barnehagen må ha ein struktur som kan ta imot mobiliseringa. Det er behov for å organisere, tilpasse og etablerer system for den nye kosthaldspraksisen. Utan denne strukturen hoppar ein over viktig organisering og går rett til gjennomføring. Effekten av kurset vil då vare ei stund for så å «gå tilbake til det gamle», som også kjem fram i empirien. Organiseringsvariabelen er då svak, og treng styrkast (R. Amdam, 2011, s. 130). Dette er det viktig styrar tek tak i, gjennom leiarfunksjon som *administrator*, for å få på plass system og struktur for å fremje og lukkast med gjennomføring. Studien syner også at når organiseringsvariabelen er sterk, har styrar delegert ansvar til ressurspersonar for å få på plass system. Det er også lagt til rette for å vidareutvikle systema gjennom erfaringslæring. Denne erfaringslæringa handlar om refleksjon kring systemet som produserer handlinga, og om organiseringa for gjennomføring er tenleg i høve målsetjinga.

For å lukkast med å endre kosthaldspraksis etter deltaking på Fiskesprellkurs, må arbeidet først og fremst ha legitimitet frå dei eksterne makrokraftene i samfunnet, men også på kommunalt- og organisasjonsnivå. Styrar må, gjennom leiarfunksjonen, sjå til at behovet i organisasjonen vert ivareteken under endringsprosessen. Variablane i endringsprosessen (figur 3, s. 18) må vere stabile eller veksande over tid for ein kapasitetsbyggjande prosess i organisasjonen. Den svakaste variabelen må stimulerast mest, og styrar må sjå til at alle variablane er rimeleg sterke. Når styrar ikkje ser til dette, så hemmar det endringsarbeidet.

Når barnehagen så har lukkast med å endre kosthaldspraksis, syner studien mogleg effekt dette kan ha på effektivitet og kvalitet i barnehagen. Mat og måltid er då ein pedagogisk arena, som er verdiskapande og som ikkje vert oppfatta som ein tidstjuv frå andre pedagogiske aktivitetar. Når grunnleggjande verdiar som berekraft er innarbeidd med profilen til barnehagen kan dette sjåast som betre kvalitet knytt til produktiviteten som endringsarbeidet har ført til. Organisasjonen har fått auka kapasitet.

Studien syner også at, når barnehagen har lukkast med endringsarbeidet, så er det mange måtar å jobbe vidare med temaet på for å halde det varmt og for vidareutvikling. Prosessen er kontinuerleg og pågåande, og kan føre til betre effektivitet og kvalitet i barnehagen.

Litteraturliste

- Alm, S. (2009). *Barns holdning til sjømat* [Masteroppgåve, Universitetet i Tromsø].
<https://munin.uit.no/handle/10037/1893>
- Amdam, J. & Amdam, R. (2000). *Kommunikativ planlegging: Regional planlegging som reiskap for organisasjons- og samfunnsutvikling*. Samlaget.
- Amdam, R. (2005). *Planlegging som handling*. Universitetsforlaget.
- Amdam, R. (2011). *Planlegging og prosessleiing korleis lykkast i utviklingsarbeid*. Samlaget.
- Amdam, R. (2019). Strukturelle vilkår for medverking i kommunal planlegging og politikk under tre ulike styringssystem. *Kart og Plan*, 112(4), 282–298.
<https://doi.org/10.18261/issn.2535-6003-2019-04-04>
- Amdam, R. (2021). *Kommunal handlingskapasitet. Erfaringar med ein modell for samarbeidsdriven planlegging og innovasjon*. (112/2021). Høgskulen i Volda.
<https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/handle/11250/2827480>
- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.
<https://lovdata.no/LTI/lov/2005-06-17-64>
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77–101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Bukve, O. (2016). *Forstå, forklare, forandre om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt*. Universitetsforlaget.
- Busch, T. (2013). *Akademisk skriving for bachelor- og masterstudenter*. Fagbokforlaget.
- Denscombe, M. (2010). *Ground Rules for Social Research: Guidelines for Good Practice* (2.). Open University Press.
- Departementene. (2007, 22. januar). *Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen. Oppskrift for et sunnere kosthold* [Plan]. Regjeringen.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/handlingsplan-for-bedre-kosthold/id445573/>
- Departementene. (2017, 7. mars). *Nasjonal handlingsplan for bedre kosthold (2017-2021). Sunt kosthold, måltidsglede og god helse for alle!* [Plan]. Regjeringen.
https://www.regjeringen.no/contentassets/fab53cd681b247bfa8c03a3767c75e66/handlingsplan_kosthold_2017-2021.pdf
- Fekjær, S. B. (2016). *Statistikk i praksis*. Gyldendal akademisk.
- Fiskesprell. (2021, 19. februar). *Organisering*. <https://fiskesprell.no/om-fiskesprell/organisering/>
- FN-sambandet. (2021, 8. januar). *FNs bærekraftsmål*. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal>
- Folkehelseloven. (2011). *Lov om folkehelsearbeid* (LOV-2011-06-24-29). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
- Forskr om miljørettet helsevern i skoler mv. (1995). *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* (FOR-1995-12-01-928). Lovdata.
<https://lovdata.no/forskrift/1995-12-01-928>
- Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. (2017). *Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* (FOR-2017-04-24-487). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-04-24-487>
- Grythe, J. (2020). *Mer fisk i barnehagen*. [Masteroppgåve, Universitetet i Sørøst-Norge].
<https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/handle/11250/2673706>
- Grønmo, S. (2021, 11. november). *Store Norske Leksikon*. Bias i forskning.
https://snl.no/bias_i_forskning

- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet en innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Cappelen akademisk forlag.
- Helsedirektoratet. (2012a). *Sluttrapport: Handlingsplan for bedre kosthold i befolkningen 2007-2011*. Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (2012b). *Måltider, fysisk aktivitet og miljørettet helsevern i barnehagen. En undersøkelse blant styrere og pedagogiske ledere* (Rapport IS-0345; s. 94). Helsedirektoratet.
- Helsedirektoratet. (2016). *Kostrådene og næringsstoffer* [Nasjonal fagleg råd]. <https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/kostradene-og-naeringsstoffer>
- Helsedirektoratet. (2018a). *Bra mat i barnehagen* [Oppskriftshefte]. <https://www.helsedirektoratet.no/brosjyrer/bra-mat-i-barnehagen-rad-tips-og-oppskrifter>
- Helsedirektoratet. (2018b). *Nasjonal faglig retningslinje for mat og måltider i barnehagen*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-barnehagen>
- Helsedirektoratet. (2018c, 26. januar). *Prinsipper for tiltaksutforming*. <https://www.helsedirektoratet.no/faglige-rad/lokale-folkehelseiltak-veiviser-for-kommunen/prinsipper-for-tiltaksutforming>
- Høgskulen i Volda. (2021, 9. oktober). *Nettskjema*. <https://www.hivolda.no/verktoy-tilsette/fou-og-bibliotekverktoy/nettskjema>
- Haaland, E. W. (2012). *Fiskesprell—Et nasjonalt folkehelseprosjekt. «Vi gir dem rett og slett noen verktøy»*. Barnehageansattes opplevelser av prosessimplementering. [Masteroppgåve, Høgskolen i Vestfold]. <https://openarchive.usn.no/usn-xmloi/handle/11250/149208>
- Ipsos. (2020). *Effektevaluering av det nasjonale kostholdsprogrammet Fiskesprell*. Norges Sjømatråd.
- Kaiser, M. (2021, 12. desember). *De nasjonale forskningsetiske komiteene*. Kvantitativ metode. <https://www.forskningsetikk.no/ressurser/fbib/metoder/kvantitativ-metode/>
- Kantar/TNS Gallup. (2015). *Fiskesprell 2015—En evaluering av kurs for ansatte i barnehager*. https://fiskesprell.no/contentassets/66e0a04a85bc4c7ab57314752a07b9cf/fiskesprell-2015_ferdig-rapport-07-mars.pdf
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Gyldendal akademisk.
- Lipton, B. H. (2021, 6). *The Apocalypse of Belief—Healing Our Culture* [Youtube]. <https://www.youtube.com/watch?v=qM4hY5RfnIg&t=234s>.
- Meld. St. 19 (2018-2019). (2019). *Folkehelsemeldinga. Gode liv i eit trygt samfunn*. Helse- og omsorgsdepartement. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20182019/id2639770/>
- Moltumyr, A. & Paulssen, E. (2021). *Hva er folkehelsearbeid?* Kommunetorget. <http://www.kommunetorget.no/Temaomrader/Folkehelse/Hva-og-hvorfor-folkehelse/Folkehelsearbeid/>
- Nasjonalt råd for ernæring. (2017). *Bærekraftig kosthold—Vurdering av de norske kostrådene i et bærekraftsperspektiv* (IS-2678). Helsedirektoratet.
- Noregs sjømatråd. (2021, mars). *Fiskesprell*. <https://3iuka.no/artikler/div/fiskesprell/>
- Norut. (2012). *Barnehagesatsingen i Fiskesprell—En kvalitativ evaluering* (11/2012). Norut Tromsø.
- Regjeringen. (2018, 19. februar). *Berekraftsmål 2*. <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/utrydde-sult/id2590138/>
- Strand, T. (2001). *Ledelse, organisasjon og kultur*. Fagbokforlaget.

Strand, T. (2007). *Ledelse, organisasjon og kultur* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse en innføring i kvalitative metoder* (5. utg.). Fagbokforlaget.

Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal Akademisk.

Helsedirektoratet, 2017. *Folkehelse og berekraftig utvikling*. (IS-2748). [Hdir Rapportmal-gjeldende \(helsedirektoratet.no\)](#)

Vedlegg

Vedlegg 1 Avklarande melding med NSD

Chat - NSD - Personlig - Microsoft Edge
https://chat.nsd.no/?queue=pvo&id=824de169-5790-4dbd-a12c-ab73actc493c&name=Ingvild%20Endal&email=ingvilde@stud.hivolda.no&referansekode=201356

FRÅKOBLET Chatten er avsluttet

Aktive agenter på denne køen: 1
Referansekode: 201356
URL: https://meldeskjema.nsd.no/

13:45 Hei

13:41 Hei, hva kan jeg hjelpe deg med?

13:43 Eg har eit spørreskjema som eg skal sende ut til fire barnehagar. Skjemaet spør om stilling som ein jobbar i. Utover dette er skjemaet ope og ingen innlogging. Det er ikkje noko personleg eller sensitive spørsmål. Berre om korleis ein opplevde Fakesprellkurs. Eg lurar på om det er nødvendig med samtykke for dette skjemaet.

13:43 Vil det registreres hvilken barnehage de jobber på?

13:44 Berre om den er offentlig eller privat

13:42 Skjemaet vert sendt til styrar i barnehagen som sender eposten med lenke vidare til dei tilsette.

13:44 Det høres ut som det kan gjeres anonymt ja

13:46 Hvilken spørreskjemalesning skal du bruke?

13:45 nettskjema

13:46 Nettopp ja

13:45 Da skal det kunne gjeres anonymt

13:46 Flott. Takk!

13:47 Det innebærer i så fall at du ikke trenger å melde det til oss

13:47 Da det ikke vil være en behandling å melde

13:47 Fint.

Skriv din tekst her →

Skriv her for å søke

13:54 10.02.2021

Nettskjema

Spørjeskjema, påmeldingar og bestillingar

Hjelp

Ingvild Endal Logg ut

Framsida Mine skjema Kva nytte har Fiskesprellkurs hatt for kosthaldet og måltid...

Kva nytte har Fiskesprellkurs hatt for kosthaldet og måltida i barnehagen din?

Endre tittel

Ope for innleveringar?

Skjemaet er stengt

Ope

Sist enda

2. mai 2021 19:40
av Ingvild Endal

Vis Bygg skjema Innstillingar Rettar Hent inn svar Sjå resultat

Kva nytte har Fiskesprellkurs hatt for kosthaldet og måltida i barnehagen din?

Side 1

Dette spørreskjema går til deg som har deltatt på

Praktisk Fiskesprellkurs med barn som del av eller

Fiskesprell dagskurs i eigen barnehage saman med alle tilsette

Formålet er å kartlegge korleis du opplever nytten av desse kursa for kosthaldet og måltida i barnehagen.

Å fylle ut skjemaet vil ta rundt 5 minutt. Deltaking er frivillig, men vi set stor pris på om du tek deg den tida det tek å svare. Innsamling av datamateriale vil bli handsama på ein måte som sikrar full anonymitet.

Opplysningane skal nyttast i ei masteroppgåve i Samfunnsplanlegging og leing ved Høgskulen i Volda. Som masterstudent ved Høgskulen i Volda vert Lov om behandling av personopplysningar (personopplysningsloven) fulgt. Om du vil, kan du lese om loven [her](#).

Du går vidare i undersøkinga ved å klikke på «Neste side» nede til høgre.

Barnehagen er *

 Offentleg Privat

Kva Fiskesprell kurs har du deltatt på? *

 Praktisk Fiskesprellkurs med barn som del av Fiskesprell dagskurs i eigen barnehage saman med alle tilsette

Har du tatt andre kurs/utdanning innan kosthald? *

 Ja Nei

Kva stilling har du i barnehagen? *

Styrar/dagleg leiar

Pedagogisk leiar


Førskulelærer

Assistent

Barne- og ungdomsarbeidar

Kokk/kjøkkenansvarleg

Anna stilling

 Dette elementet visest berre dersom alternativet «Anna stilling» er valt i spørsmålet «Kva stilling har du i barnehagen?»

Skriv inn kva stilling du har:

Side 2

Nokre påstandar om deg før du deltok på Fiskesprellkurset. Kor einig eller ueinig er du i påstandane?

Tenk på korleis det var **før** du tok Fiskesprellkurset.

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Både/og	Litt einig	Heilt einig	Veit ikkje	Ikkje aktuelt
Eg var motivert for å delta på Fiskesprellkurset *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg hadde god kompetanse om kosthald i barnehagen før Fiskesprellkurset *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Eg ønska å forbetre mine ferdigheter innan matlaging *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Under er nokre påstandar om korleis du opplevde sjølve Fiskesprellkurset. Kor einig eller ueinig er du i påstandane?

Tenk på Fiskesprellkurset du deltok på.

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Både/og	Litt einig	Heilt einig	Veit ikkje	Ikkje aktuelt
Kurset gav meg lite nyttig kunnskap om kosthaldet i barnehagen *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kurset gav meg lite nyttig kunnskap om måltidet i barnehagen *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kurset viste korleis vi kan utforske ulike smakar saman med barna *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kurset gav meg nye idear som eg kunne overføre til andre område eg jobbar med i barnehagen *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kurset inspirerte meg lite til å involvere barna i matlaging *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kurset gav meg styrka matlagingsferdigheiter *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Så nokre påstandar om praksis i barnehagen etter Fiskesprellkurset. Kor einig eller ueinig er du i påstandane?

Tenk på korleis det er i barnehagen **etter** deltaking på Fiskesprellkurset.

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Både/og	Litt einig	Heilt einig	Veit ikkje	Ikkje aktuelt
Barnehagen serverer meir fisk og sjømat enn før kurset *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehagen serverer meir grønnsaker *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehagen har gått over til grovare brød/kornprodukt *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehagen serverer fleire forskjellige fiskepålegg *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna deltek meir i planlegging av matrettar (som t.d. varmmåltid) *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Oppskrifthefta frå Fiskesprell ligg framme på avdelingane slik at barna kan kikke i dei *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna deltek meir i matlaging *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna deltek meir i måltidsførebuing (bordekkning, pynting og liknande) *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna deltek meir i opprydding etter måltid *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna spiser meir grønnsaker *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barna spiser meir fisk og sjømat *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Vi har større fokus på å utforske ulike smakar saman med barna *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Barnehagen legg meir til rette for måltids glede *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Måltidet er eit viktigare samlingspunkt i løpet av dagen *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Måltidet handlar berre om å bli mett *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Fleire tilsette spiser saman med barna *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Tilsette spiser anna mat enn barna under måltidet *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kosthald er oftare tema på avdelingsmøter *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Kosthaldsplanen vert jobba med meir systematisk *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>
Det står meir om kosthald og måltid i årsplanen til barnehagen *	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>	<input type="radio"/>

Til slutt. Kan barnehagen ha eit enda sunnare kosthald? *

Veit ikkje

Nei

Ja

Dersom ja: Kva meiner du skal til for å få til det?

i Dette elementet visest berre dersom alternativet «Ja» er valt i spørsmålet «Til slutt. Kan barnehagen ha eit enda sunnare kosthald?»

Økonomi

Personalressursar

Leiing styrar

Leiing avdelingsleiar

Haldningar i personalgruppa

Foreldre/føresette

Anna, skriv inn

Skriv inn:

i Dette elementet visest berre dersom alternativet «Anna, skriv inn» er valt i spørsmålet «Dersom ja: Kva meiner du skal til for å få til det?»

Er det andre effektar (positive/negative) som er viktig at masterstudenten vert merksam på som spørjeskjemaet ikkje fangar opp?

Tusen hjarteleg takk for dine svar.

Vedlegg 3 Intervjuguide

Intervjuguide

Telefonintervju med tilsette som er opptatt av kosthaldet og måltid i barnehagen. Det er ein fordel om du som vert intervjuar har vore tilsett i barnehagen ei tid. Det er også ein fordel om du som vil la seg intervjuer er oppteken av kosthald, men ikkje eit krav.

Du får spørsmål som vil bli stilt under intervjuet slik at du har tid til å tenke gjennom kva du meiner.

Telefonintervjuet vil vare maks 45 minutt, og du har mottatt informasjonskriv om kva det inneber å stille til intervju. Du må signere samtykkeskjemaet slik at styrar kan sende det til masterstudenten på e-post.

Spørsmål som vil bli stilt under intervjuet handlar om kva som har vore viktig for å kunne tilsettelegge for eit sunnare kosthald i barnehagen. Dette treng ikkje nødvendigvis å ha samband med Fiskesprellkurs.

Spørreskjemaet som vart gjennomført i barnehagen i februar/mars gav svar frå tilsette om

- A. Motivasjon og forventningar til kurset og forkunnskap om kosthald i barnehagen før Fiskesprellkurset. *Motivasjon til deltaking og ønske om å auke matlagingsferdigheiter var høgt.*
- B. Oppleving av kurset knytt til kunnskap om kosthald og måltid i barnehagen, bruk av smakssansane saman med barna og auka matlagingsferdigheiter. *Fekk auka kunnskap om både kosthaldet og måltida. Positive tilbakemeldingar på sjølve kurset.*
- C. Praksis i barnehagen etter kursdeltaking knytt til servering av fisk, grønnsaker, grovare brød/kornprodukt, involvering av barna i måltidsplanlegging, måltidsførebuing, inntak av grønnsaker og fisk/sjømat, bruk av smakssansane, måltidet, kosthald på avdelingsmøter, kostplan og årsplan. *Mykje er bra i barnehagen, men nokre gjev tilbakemelding på forbettringspotensial.*

Spørsmål til kvalitativt telefonintervju

1. Kan du sei litt om stillinga di i barnehagen?

Sjå bort ifrå den spesielle situasjonen som er no under pandemien.

2. Kan du kort gjer opp status på korleis barnehagen har jobba med kosthald og måltid?
3. Har det skjedd noko endring av kosthaldet i barnehagen i løpet av dei siste åra? Korleis/på kva måte? Kva kan vere årsaker eller hinder?

Frå spørreundersøkinga såg vi at fleire meinte at fiskesprellkurset auka kunnskapen om kosthald, måltid og praktisk matlagning i barnehagen.

4. Er du samd i dette?
5. Dersom ja: På kva måte meiner du at innhaldet i Fiskesprellkurset har vore viktig?
6. Dersom ja, på kva måte har innhaldet i kurset vorte følgt opp i barnehagen?
7. Er der faktorar i barnehagen som har vore avgjerande for å ha klart å endre kosthaldet i barnehagen?
8. Dersom du er usamd: på kva måte kunne innhaldet i kurset vore lagt opp for lettare å føre til endring?
9. Kan du sei noko om de har møtt på hinder i dette arbeidet?
10. Kva har desse hinder gått ut på?

Andre effektar av Fiskesprellkurset som kom fram i spørreskjemaet var omsynet til enkeltindivid (allergi, religion, livssyn og tilpassa diettar) som er tidkrevjande og utfordrande.

11. Kan du sei noko om korleis de har møtt slike utfordringar?

På spørreskjemaet gav nokre tilbakemelding på at matlagning er tidkrevjande.

12. Korleis er rammene for å tenke alternativt kring matlagning?

Til slutt

13. Er det noko du vil legge til?

Vil du delta i forskingsprosjektet

"Kva nytte har Fiskesprellkurs hatt for kosthaldet og måltida i barnehagen, og kva fremjar eller hemmar barnehagen i å legge til rette for eit sunnare kosthald?"

Intervjua skal nyttast i ei masteroppgåve i Samfunnsplanlegging og leiing ved Høgskulen i Volda. I dette skrivet får du informasjon om formålet og måla for prosjektet, og kva deltaking vil innebere for deg.

Formål, problemstilling og analyse

Formålet med forskingsprosjektet er å studere barnehagar som har delteke på Fiskesprellkurs, og problemstillinga er å sjå kva nytte barnehagen har hatt av kursa med tanke på kosthaldet og måltida i barnehagen. Vidare vil ein analysere kva faktorar som fremjar eller hemmar barnehagen i ha eit sunnare kosthald.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen i Volda.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Du får dette spørsmålet, fordi du har deltatt på deler av eller heile kurset **Praktisk Fiskesprellkurs med barn som del av** eller **Fiskesprell dagskurs i eigen barnehage saman med alle tilsette**

Det er styrarar og andre tilsette i fire barnehagar som har fått spørsmål om å delta i denne undersøkinga og vi har fått informasjon om kven vi bør ha med gjennom leiaren for Fiskesprell i Norges Sjømatråd. Denne undersøkinga er meint å supplere og utdjupe nettskjemaundersøkinga som vart gjennomført blant tilsette i dei same barnehagane i perioden 12.2.21 – 2.3.21.

Kva inneberer det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet betyr det eit telefonintervju med masterstudenten, som varer i maks 45 minutt. Det vert nytta lydopptak under intervjuet. Namn og anna kontaktinformasjon vil ikkje bli nytta i undersøkinga, berre kva stilling den som blir intervjuet, har i barnehagen. Før intervjuet får barnehagen tilsendt spørsmåla (intervjuguide) på e-post.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan noko grunngjeving. Alle opplysingane som du har gjeve vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi lagrar og brukar dine opplysingar

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til formålet omtalt i dette skrivet. Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

I tillegg til masterstudenten vil rettleiar ved Høgskulen i Volda ha tilgang til opplysingane ved behov. Opplysingane inneheld ingen namn, berre stilling ein jobbar som i barnehagen. Verken personopplysningar, personleg mobilnummer eller e-postadresser vert lagra. Telefon til barnehagen og e-post til styrar i barnehagen vert nytta. Stillingstittel blir erstatta med ei kode som vert lagra på ei eiga kodeliste adskilt frå øvrige data, så ein er sikra at ingen uvedkomande får tilgang til dette. Lydopptak vert lagra på sikker forskingsserver.

Det vil ikkje vere mogleg å kjenne igjen deltakarar i ein publikasjon.

Kva skjer med opplysningane dine når forskingsprosjektet er avslutta?

Opplysningane er anonymisert. Når masteroppgåva er godkjent vert opplysningane sletta. Etter planen er dette 12.06.2021, men har eit atterhald dersom behov for forlenging til 20.01.2022.

Dine rettigheter

Du vil ikkje bli identifisert i datamaterialet, men om du hadde vorte det så har du rett til:

- innsyn i kva personopplysingar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysingar om deg,
- å få sletta personopplysingar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandling av personopplysingane dine.

Kva gir oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi handsamar opplysingar om deg på grunnlag av ditt samtykke.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandling av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønske å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med: Høgskulen i Volda ved Grethe Mattland Olsen som er rettleiar for masterstudent Ingvild Endal. Personvernombod ved Høgskulen i Volda: Cecilie Røeggen, telefon 70 07 50 73, epost personvernombod@hivolda.no

Dersom du har spørsmål knytt vurderinga til NSD av prosjektet, kan du kontakte:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17

Med venleg helsing

Ingvild Endal
Masterstudent

Grethe Mattland Olsen
Rettleiar

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «Kva nytte har Fiskesprellkurs hatt for kosthaldet og måltida i barnehagen, og kva fremjar eller hemmar barnehagen i å legge til rette for eit sunnare kosthald?», og har fått høve til å stille spørsmål.

Eg samtykker til:

- å delta i telefonintervju
- at sitat frå telefonintervjuet vert nytta i masteroppgåva under kode slik at stillingstittel er anonym

Eg samtykker til at mine opplysingar vert lagra fram til prosjektet er avslutta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Nytten av Fiskesprellkurs. Kva faktorar fremjar og hemmar kapasiteten i ein barnehage til å endre kosthaldspraksis etter deltaking på Fiskesprellkurs?

Referansenummer

201356

Registrert

11.02.2021 av Ingvild Endal - ingvilde@stud.hivolda.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen i Volda / Avdeling for samfunnsfag og historie

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Grethe Mattland Olsen, gmo@hivolda.no, tlf: 70075182

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Ingvild Endal, ingvilde@stud.hivolda.no, tlf: 90765811

Prosjektperiode

01.01.2021 - 20.01.2022

Status

17.02.2021 - Vurdert

Vurdering (1)

17.02.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 17.02.2021, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

DEL PROSJEKTET MED PROSJEKTANSVARLIG

Det er obligatorisk for studenter å dele meldeskjemaet med prosjektansvarlig (veileder). Det gjøres ved å trykke på "Del prosjekt" i øvre venstre hjørne av meldeskjemaet.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 20.01.2022.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Nettskjema diktafon er databehandler i prosjektet. NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

Nytten av Fiskesprellkurs. Kva faktorar fremjar og hemmar kapasiteten i ein barnehage til å endre kosthaldspraksis etter deltaking på Fiskesprellkurs?

Referanse

201356

Status

Vurdert

Åpne Meldeskjema

☰ Vurdering

Skriv melding her. Vær oppmerksom på at meldingen du skriver blir synlig for din institusjon i Meldingsarkivet og alle som får delt tilgang til prosjektet ditt.

Send melding



Sluttvurdering (planlagt)

20.01.2022 01:00



Melding fra Maren Omdahl Urheim

17.02.2021 15:36

Vår vurdering er sendt i meldingen under. Som en siste bemerkning vil vi anbefale at du legger inn kontaktopplysninger til Høgskolen i Volda sitt personvernombud (for eksempel telefonnummer eller epostadresse) i informasjonsskrivet. Vi trenger ikke å se oppdatert skriv, men forutsetter at det gjøres.